



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsrapport 2010






# Innhald

|                                    |       |
|------------------------------------|-------|
| Fylkestinget                       | s. 4  |
| Slik fylkesrådmannen ser det       | s. 7  |
| <b>SEKTOROVERGRIPANDE TEMA</b>     |       |
| Rekneskapen                        | s. 11 |
| Arbeidsgjevarområdet               | s. 13 |
| Likestilling, likeverd og mangfald | s. 17 |
| Bygg og eigedom                    | s. 21 |
| <b>SEKTOROMTALAR</b>               |       |
| Opplæring                          | s. 23 |
| Kultur                             | s. 27 |
| Plan og næring                     | s. 33 |
| Samferdsle                         | s. 39 |
| Den offentlege tannhelsetenesta    | s. 45 |
| <b>VEDLEGG</b>                     |       |
| Målekart                           | s. 47 |

# Fylkestinget 2007-2011

## Fylkesordførar

Nils R. Sandal, Senterpartiet



## Fylkesvaraordførar

Åshild Kjelsnes, Arbeidarpartiet

## Senterpartiet

Nils R. Sandal, Byrkjelo  
Jenny Følling, Bygstad  
Jarle Skartun, Sogndal  
Mari Andrea Ness, Viksdalen  
Gunn Åmdal Mongstad, Hardbakke  
Paul Jacob Helgesen, Nordfjordeid  
Arnstein Menes, Balestrand  
Margreta Navelsaker, Eid  
Nils Gjerland, Haukedalen  
Randi Rønnekleiv Melvær, Florø  
Asgeir Olav Solheim, Deknepollen



## Arbeidarpartiet

Åshild Kjelsnes, Florø  
Harry Mowatt, Leirvik i Sogn  
Arne Hovland, Årdalstangen  
Karianne Torvanger, Florø  
Kjartan Longva, Høyanger  
Jorunn Eide Kirketeig, Førde  
Nils P. Støyva, Stryn  
Clara Øberg, Sogndal  
Aud Kari Steinsland, Askvoll  
Olaug Solheim Rotihaug, Lote



## Høgre

Mathias Råheim, Viksdalen  
Edith Aarebrot Madsen, Florø  
Sissel Loen, Loen  
Ole Gunnar Krakhellen, Krakhella/Laksevåg  
Claus Kvamme, Fjærland



## Framstegspartiet

Frank Willy Djuvik, Førde  
Svein Hansen, Stadlandet  
Siri-Bente Fuhr, Sogndal  
Elin-Merete Førde, Bremanger



## Venstre

Klaus Iversen, Raudeberg  
Marit Barsnes Krogsæter, Florø  
Marta Kvikne, Balestrand



## Kristeleg Folkeparti

Trude Brosvik, Eivindvik  
Svein-Ottar Sandal, Sandane  
Norunn Lunde Furnes, Bygstad



## Sosialistisk Venstreparti

Norvall Nøringset, Førde  
Heidi-Kathrin Osland, Kaupanger



## Uavhengig

Gunnvor A. Sunde, Breim



## Endringar i valperioden

• Åshild Kjelsnes (Ap) tok over som fylkesvaraordfører etter Tor Bremer (Ap) i 2010. • Olaug Solheim Rotihaug (Ap) erstatta Tor Bremer (Ap) i 2009. • Randi Rønnekleiv Melvær (Sp) erstatta Knut M. Olsen (Sp) i 2010. • Asgeir Olav Solheim (Sp) erstatta Laila Melkevoll (Sp) i 2009. • Frank Willy Djuvik (Frp) erstatta Jostein Kvalsvik (Frp) i 2010. • Marta Kvikne (V) erstatta Sven Øvrebø (V) i 2009, som erstatta Rolf Nesheim (V) i 2008. • Gunnvor A. Sunde gjekk ut av Arbeidarpartiet i 2010 og møter som uavhengig.

Foto av fylkestingsmedlemer: Kristján Logason/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Unntak: Paul Jacob Helgesen og Aud Kari Steinsland (Foto: Tor Yttri) og Frank Willy Djuvik (Foto: Frank Willy Djuvik).



Fanaråken. Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

# Slik fylkesrådmannen ser det

2010 har vore eit godt år for fylket. Takka vere stor arbeidsinnvandring har folketalet auka. Mest i dei største sentra og med markert nedgang i dei små kystkommunane. Næringslivet går betre. Vi har lagt konjunkturbotnen bak oss. Det er venta auka omsetning og styrka lønsemd i 2011. Fleirtalet av verksemdene ventar stabil eller aukande sysselsetjing.

Vi har styrka posisjonen vår innan olje og gass, marine næringar og fornybar energi. Gründerverksemdar og små, kreative miljø utviklar seg, særleg innan kultur, ikt og design. Nokre av desse nye kompetanseverksemdene løftar seg ut av "blodbadet" og markerer seg nasjonalt og internasjonalt.

Ikkje utventa slit dei meir tradisjonelle næringane.

Satsinga på kysten ber frukter. Gode døme er fylkesvegprosjekt som Bremanger II og Dalsfjordbrua på Kystvegen, industriklynge i Måløy, Saga Fjordbase i Florø, Lutelandet i Fjaler og Sløvåg i Gulen.

## Ein meir komplett utviklingsaktør

For fylkeskommunen var 2010 fyrste året med mange nye oppgåver. Vi er no ein meir komplett utviklingsaktør med auka ansvar og mynde for kunnskap og opplæring, samferdsle, næring og innovasjon, fiskeri og havbruk, kultur, folkehelse, miljøvern og landbruk/mat.

Dei siste åra har organisasjonen blitt meir utviklings- og brukarorientert. For mykje ressursar er diverre framleis bundne i internadministrative prosessar.

Økonomien i fylkeskommen er god. Dette har gjeve oss høve til eit stabilt høgt aktivitetsnivå i drifta, eit ekstra trykk på utviklingsarbeidet og samstundes oppretthalde ein høg aktivitet på investeringsida. Lokale inntekter gjev oss stor handlefridom dei aller næraste åra. Men det er mørke skyer i horisonten. Frå 2014 vil handlefridomen bli dramatisk redusert.

## Kompetanse og organisering

Til dei nye oppgåvene har vi rekruttert godt. Vi ser eit generasjonsskifte. Mange unge fagfolk - og særleg dyktige jenter - gjer no sitt inntog i verksemda.



Fylkesrådmann Jan Øhlckers. Foto: Kristján Logason/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Organisasjonen er godt tilpassa dei nye oppgåvene. Ny avdelingsstruktur gjev ein meir fokusert organisasjon. Dei interne målkonflikter er løfta fram. Samarbeidet på tvers er styrka. Leiinga har vorte meir strategisk.

Avdelingsstrukturen er:

- Opplæringsavdelinga
- Kulturavdelinga
- Plan- og samfunnsavdelinga
- Næringsavdelinga
- Samferdsleavdelinga

I tillegg har Statens vegvesen gjennom sams veg-administrasjon det operative ansvaret for fylkesvegane. Dette er ei krevjande og omstridt løysing med mange uklare grenseflater. Gjennom godt avtaleverk har vi fått til eit tett og godt samarbeid i fylket vårt.

## Gjennomføringsevne

Opphoping av unyttta midlar i bundne fond tyder på at ambisjonane våre er høgare enn evna til gjennomføring. I 2010 avsette vi om lag 190 mill. kr av ubrukne midlar. Samla har vi no om lag 600 mill. kr i fond. Det meste er bunde i prosjekt som er under gjennomføring, er blitt forsinka eller er heilt i sluttfasen og klar for utbetaling.

Manglande gjennomføring kan ha mange årsaker. Med høgt aktivitetsnivå vil vi og ha stort etterslep. På nokre område har det teke tid å tilpasse organisasjonen til nye oppgåver. Det er òg slik at framdrifta er avhengig av eksterne aktørar, anbudsprosessar med meir.

Eit døme på manglande gjennomføringsevne er at vi ikkje har greidd å nytte 30 mill.kr av vedlikehaldsmidlane på fylkesvegane våre. Når ambisjonen er å oppretthalde standarden på vegnettet blir dette urovekkande.

Manglande administrativ kapasitet kan òg vere ei årsak.

Det er mitt ansvar å syte for kortast mogleg veg mellom vedtak og gjennomføring. Eg vil difor gå nøye gjennom kva vi kan gjere for å auke gjennomføringsevna.

## Staten sin bruk av fylkeskommunale ressursar

Dei siste åra har vi sett ein markert auke i statlege føringar, retningslinjer, tilsyn, kontroll og detaljrike rapporteringskrav.

Vi har ein fragmentert stat med mange departement og direktorat som - kvar for seg - ynskjer å styre fylkesadministrasjonen på sitt fagområde. Vi skal sjølv sagt etterleve dei nasjonale måla. Mykje av styringsforsøka handlar ikkje om det, men er prega av manglande tillit og omkamp etter å ha mista oppgåver i forvaltningsreforma.

Dette legg beslag på store administrative ressursar både i staten og fylkeskommunane. Kommunal- og regionaldepartementet - som samordningsdepartement overfor kommunesektoren - ser ikkje ut til å ha evne til å bremse eller stogge denne negative utviklinga.

Ressursane kunne vore nytta til auka gjennomføringsevne og sett inn direkte i dei eksterne og brukarretta aktivitetane våre.

## Internkontroll og forvaltningsrevisjon

Våre eigne kontrollbehov kan òg binde opp ressursar og svekke gjennomføringsevna. Feilfinning og etterpåklokskap

er "eksakt vitskap", men ikkje særleg utviklingsretta. Forvaltningsrevisjon og internkontroll er særleg nyttig som lekk i ei læringsløyfe. Fleire rutinar og meir regelverk gjev meir omfattande interne prosesser og fleire transaksjonskostnader. Det blir viktig å vurdere kost/ nytte, konsekvens og risiko for feil. Ein god dialog med kontrollutvalet ser ut til å gje oss god læring og balanserte vurderingar.

## Handlefridom

Lokale inntekter sikrar økonomisk handlefridom på kort sikt. Etableringa av bufferfondet gjev god styring. Fondet vert nytta til prosjektretta tilskot og investeringar som ikkje gjev auka press på drifta.

Konsesjonskraftsal gjev oss også handlefridom. Alle dei langsiktige kraftkontraktane vert no avvikla. Eit nytt forvaltningsregime er venta å gje auka inntekt. Dette kan på lengre sikt endre seg ved samanslåing av kommunar med og utan konsesjonskraft.

## Eigarskap

Gjennom den årlege eigarmeldinga og gode rutinar har vi fått eit godt grep om eigarinteressene våre. Der vi vil vere inne, er vi ein god og langsiktig eigar. I nokre høve har det diverre synt seg krevjande å avvikle eigarskap t.d. ved sal av aksjar.

Endra habilitetsreglar vil frå neste fylkestingsperiode gjere våre eigarrepresentantar også i offentleg eigde verksemder inhabile ved handsaming i fylkeskommunale organ. Her får det nye fylkestinget ei utfordring i eigarstyringa.

Vi har styrka posisjonen vår i Fjordinvest Såkorn. Fondet kan gå inn på eigarsida i etablering og omstilling av verksemder.

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer sal av sine 41 % i Fjord1. Vi har etablert beredskap til å møte denne situasjonen. Fjord1 betaler utbytte og er inne i ei god utvikling. Aktiviteten er ikkje lenger avgrensa til dei to eigarfylka. Anbudsregime innan alle kjerneaktivitetane gjev auka risiko og set nye krav til eigenkapital.

Eg trur det no er rett også av oss å vurdere nedsal t.d. til negativt fleirtal i neste fylkestingsperiode. Utbyttet fell bort, men den frigjorte kapitalen vil gjere god nytte i utviklinga av fylket.

## Økonomi

Vi legg også i år fram eit godt rekneskapsresultat. Dette skuldast dels ei betring i statlege rammeføresetnader seint på året, men det er også eit uttrykk for at fylkeskommunen har evna å sikre disposisjonane sine på ein god måte. I tillegg til dei statlege finansieringskjeldene, forvaltar fylkeskommunen årleg store verdiar gjennom utbytte frå








Foto: Frode Hovland/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

selskapa våre Fjord1 og SFE og sal av konsesjonskraft. Investeringsaktiviteten - særskilt i høve fylkesvegsektoren - gjer at lånegjelda og tilhøyrande kapitalutgifter aukar sterkt i 2010.

### **Regional planstrategi**

Det nye fylkestinget skal det fyrste året vedta regional planstrategi. Arbeidet er i godt gjenge og er samordna med kommunane sine lokale planstrategiar. Fylkesplanen - slik vi kjenner den - fell bort. Strategien er meint å gje eit meir målretta planverk, redusert overplanlegging og å styrke fylkesutvalet som planutval.

### **Miljø**

Det er etablert system for oppfølging av tiltak i klimaplanen. Eid og Hafstad vidaregåande skular og Sogn Jord- og Hagebruksskule er godkjende som miljøfyrtårn.

Det er oppretta tilskotsordning for miljøsertifisering av små og mellomstore bedrifter og verksemder.

### **Likestilling, mangfald og integrering**

Vi legg til rette for mangfaldet i fylket. Det gjeld både som arbeidsgjevar, tenesteleverandør og utviklingsaktør. Dette går att i planarbeidet vårt, tilskotsordningane og tenesteytinga vår.

Arbeidet med å redusere ufrivillig deltid er krevjande og fylkestinget sitt målkrav er sær s ambisiøst.

I leiarstillingar er kjønnsfordelinga 41 % kvinner og 59 % menn. I 2005 var 32 % kvinner og 68 % menn. Samla er snittet for kvinner på 89,8 % av løna til menn. Snittet for heile kommunesektoren var 91,6 % i 2009.

Eg vil takke alle tilsette og samarbeidspartnarar for godt utført arbeid og godt samarbeid til fylket sitt beste i 2010. Eg takkar òg fylkespolitikarane for god og konstruktiv dialog.

Årdal/Leikanger  
23. mars 2011

Jan Øhlckers  
Fylkesrådmann



Fjærlandsfjorden. Eit levande og velhalde kulturlandskap er ein føresetnad for at dei norske fjordane med sine dramatiske og spektakulære landskap skal kunne halde oppe statusen som verdsarvområde. Foto: Knut Henning Grepstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

# Rekneskapen

## Rekneskapsresultat

Fylkeskommunen sin rekneskap er gjort opp med eit overskot på 30,7 mill. kr. I tillegg er det netto avsett 223 mill. kr til fond i samsvar med regelverket - 168 mill. kr meir enn budsjettert. Med i denne summen ligg 126 mill. kr unytta midlar til veginvesteringar og 30 mill. kr til vegvedlikehald. Som indikator for ein sunn økonomi over tid, legg Kommunal- og regionaldepartementet opp til at kommunesektoren bør ha eit netto driftsresultat på minst 3% målt i høve driftsinntektene. For 2010 viser denne indikatoren (korrigert) 6,0 % for vår fylkeskommune.

## Fellesinntekter og -utgifter

Fylkesskatt og inntektsutjamning utgjør 489,8 mill. kr. Det er 13,8 mill. kr meir enn i revidert budsjett. Dei lokale inntektene (aksjeutbyte og konsesjonskraft) utgjør 128,9 mill. kr som er 0,8 mill. kr meir enn budsjettert. Netto rentekostnad utgjør 12,4 mill. kr som er 1,3 mill. kr mindre enn budsjettert.

Lånegjelda til fylkeskommunen auka med 287,2 mill. kr til 1 329,3 mill. kr i 2010. Den store auken er i hovudsak knytta til veginvesteringar. Avdragsutgiftene er på 63,7 mill. kr. Fylkeskommunen si lånegjeld utgjør om lag 12300 kr pr innbyggjar - ein vekst på 2577 kr. Landssnittet ligg på omlag 7200 kr pr innbyggjar, men lånegjeld målt i prosent av driftsinntektene er lægre enn snittet både for landet og vestlandsfylka.

## Sektorrekneskap

På sektornivå viser rekneskapen ei innsparing på 15,1 mill. kr som i hovudsak kjem fram på følgjande sektorar:

### FORVALTNING

Forbruket innan forvaltning viser eit mindreforbruk på 2,6 mill. kr. Dette skriv seg i hovudsak frå at vedtekne utgifter ikkje er utbetalte ved årsskiftet og inntekter som høyrer til tidlegare år er ført på 2010.


### OPPLÆRING

Det vart utgiftsført 711,5 mill. kr i sektoren og det er 6,1 mill. kr mindre enn budsjettert. Dei vesentlege

| Tabell R1 Hovudtal                | Rekneskap | Budsjett | Differanse |
|-----------------------------------|-----------|----------|------------|
| Fylkesskatt/<br>Utjamning         | -489,8    | -476     | -13,8      |
| Mva-refusjon inv<br>nytta i drift | -11,6     | -11,6    | 0          |
| Rammetilskot                      | -1419,5   | -1419,5  | 0          |
| Lokale inntekter                  | -128,9    | -128,1   | -0,8       |
| Renteinntekter/<br>utgifter       | 12,4      | 13,7     | -1,3       |
| Låneavdrag                        | 63,7      | 63,7     | 0          |
| Ufordelt utgifter                 | 2,3       | 2,0      | 0,3        |
| Forvaltning                       | 144,2     | 146,8    | -2,6       |
| Opplæring                         | 711,4     | 717,5    | -6,1       |
| Tannhelse                         | 67,1      | 67,1     | 0          |
| Regional utvikling                | 123,0     | 123,1    | -0,1       |
| Herav statsmidlar                 | -98,4     | -98,4    | 0          |
| Kultur                            | 55,5      | 55,4     | 0,1        |
| Samferdsle                        | 915,8     | 922,2    | -6,4       |

Til tabell R1: Hovudtal (netto) for fellesinntekter og utgifter er (i millionar kroner) Utgifter (+), inntekter (-).


## ▼ Lånegjeld per innbyggjar (i kroner) ▼





Silkeføre i løypene ved Holesetra, Stryn, i februar - med ei snødjupn på 2.2m. Foto: Arvid Hatledal.

### ▼ Korrigert netto driftsresultat av driftsinntekter (i prosent) ▼



innsparingane kjem på anslagspostar som gjesteelevar (1,0 mill. kr), fellesutgifter (1,0 mill. kr), tilskot til lærlingar (0,8 mill. kr) og vaksenopplæring (1,0 mill. kr).

#### **SAMFERDSLE**

Forbruket i samferdslektoren vart 6,4 mill. kr mindre enn budsjettet på 922,2 mill. kr. Innsparingane innan samferdsle er mindreforbruk på ferjedrifta (5,6 mill. kr) og administrasjonsutgifter (0,8 mill. kr).

#### **Rekneskapsprinsipp**

Tilgang og bruk av midlar som vedkjem fylkeskommunen si verksemd i løpet av året går fram av driftsrekneskapan eller investeringsrekneskapan. Alle inntekter og utgifter vert ført brutto. Det er ikkje oppretta kommunale føretak slik at samla verksemd går fram av årsrekneskapan. Fylkeskommunen deltek heller ikkje i interkommunale samarbeid og liknande som må medreknast for å få oversikt over kostnaden med den fylkeskommunale drifta.

#### **INVESTERINGSREKNESKAPEN**

Fylkeskommunen investerte i 2010 for 804,4 mill. kr, fordelt med 5,0 mill. kr til forvaltning, 231,0 mill. kr til opplæring, 5,2 mill. kr til tannhelse og 543,0 mill. kr til fylkesvegar. Vidare er det i 2010 konvertert ansvarleg lån (88,5 mill. kr) i Fjord 1 til aksjekapital og sett inn aksjekapital (11,5 mill. kr) i Fjord Invest Såkorn AS. Av samla finansieringsbehov i investeringsrekneskapan (678 mill. kr) er 362 mill. kr lån og 170 mill. kr ført over frå driftsrekneskapan.



# Arbeidsgjevarområdet

Arbeidsgjevarområdet dekkjer strategiske tiltak som gjeld rekruttering, personal- og organisasjonsutvikling, likestilling og arbeidsmiljø. Personalforvaltninga vert utøvd gjennom delegert mynde på einingsnivå. Arbeidsgjevarpolitikken vert utøvd og styrt gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk. Avdelingane har eit stadig aukande behov for støtte.

Viktige saker i 2010 har vore:

- Lønsforhandlingar for alle arbeidstakargruppene som følgjer hovudtariffavtalen sine reglar om lokal lønsdanning.
- Oppfølging og implementering av "Handlingsplan for mangfald, likeverd og likestilling".
- Oppfølging av "Plan for rekruttering og stabilisering av pedagogisk personale". Mellom anna er det gjennomført skuleleiaropplæring i samhandling med høgskulen og KS.
- Tilrettelegging og arbeid med grunnlagsmateriale for å få på plass ei godkjent bedriftshelsesteneste.
- Oppfølging / tilpassing og vidareutvikling av fylkeskommunen si kompetansestyring som følgje av tariffrevisjonen i mai 2008, og fylkesrevisjonen sin gjennomgang av kompetanseprofil i 2010.
- Arbeidsgjevarpolitiske utfordringar ved iverksetjing av forvaltningsreforma.
- Innføring av "Utviklingssamtalen", som er ei vidareutvikling av medarbeidersamtalen.
- Det er gjennomført systematiske opplæringstiltak for å kvalitetssikre rekrutteringsprosessane.
- Tilrettelagt og gjennomført leiarsamling for alle leiarar med personalansvar, fagleiarar og hovudtillitsvalde der hovudtemaet var omdømebygging.
- Teke del på rekrutteringsmesser i Trondheim, Oslo, Sogndal og Bergen.
- Vidareført ordninga for trainee-stillingar.

## Oversyn over fordelinga av arbeidsstyrken mellom kvinner og menn

Tabell A1 viser heil- og deltidstilsette i fylkeskommunen fordelt på kjønn. 54% av dei tilsette i fylkeskommunen er kvinner og 46% er menn. 65% av dei tilsette har heiltidsstillingar og 35% arbeider deltid. Rekna etter samla tilsette utgjer kvinner i deltidstillingar 24% og menn 10%.

| Tabell A1   | Heiltid | Deltid | Totalt | Årsverk |
|-------------|---------|--------|--------|---------|
| Kvinner     | 439     | 347    | 786    | 667     |
| Kvinner i % | 30      | 24     | 54     | 52      |
| Menn        | 501     | 158    | 659    | 605     |
| Menn i %    | 35      | 11     | 46     | 48      |
| Totalt      | 940     | 505    | 1445   | 1271    |
| Totalt i %  | 65      | 35     | 100    | 100     |

Høvetalet mellom årsverk og talet på tilsette viser at dei tilsette i fylkeskommunen i snitt har ein stillingsstorleik på 88%. Ved å følge denne indikatoren kan vi enkelt til ei kvar tid ha oversyn over positive eller negative utviklingstrekk i talet på deltidstillingar. I 2008 og 2009 var stillingsstorleiken i snitt på 86% og 87%. Sjå elles eigen omtale av deltidstillingar.

## Lokale lønsforhandlingar 2010

Tabell A3 (side 14) viser fordeling av lønstillegga mellom kvinner og menn samanlikna med lønsdanninga.

- Kapittel 4.A.1 omhandlar gjennomgåande stillingsgrupper og undervisningsstillingar.
- Kapittel 5.2 omhandlar fagstillingar, tannlegar og sakshandsamarar.
- Kapitla 3.4.1 og 3.4.2 omhandlar einingsleiarar og leiarar i sentraladministrasjonen.

### KAPITTEL 4.A.1

For kommunesektoren var den økonomiske ramma for lønsoppgeret i kapittel 4 på omlag 3,4 %. Av dette vart det avsett midlar tilsvarande 1,1 % av lønsmassen til lokale lønstillegg. Hovudtrekka i det sentrale oppgjeret var likelønsløft, ekstra løft for lærarane og eit generelt tillegg til alle. Løysinga på den sentrale meklinga gav sterke føringar for dei lokale lønsforhandlingane.

Dei lokale partane vart samde om at ut frå intensjonane for dei lokale forhandlingane, måtte kriteriebruken

| Tabell A2 - Stillingsgrupper                           | Årsverk |    | Årsverk |    | Årsverk |     |
|--|---------|----|---------|----|---------|-----|
|  | Kvinner | %  | Menn    | %  | Totalt  | %   |
| Kontorstøtte   | 75      | 6  | 9       | 1  | 84      | 7   |
| Driftsstillinger og støttestillinger til fagstillinger | 158     | 12 | 60      | 5  | 218     | 17  |
| Sakshandsamarstillinger                                | 48      | 4  | 69      | 5  | 117     | 9   |
| Fagstillinger fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.        | 24      | 2  | 8       | 1  | 32      | 3   |
| Kliniksjeff- og tannlegestillinger                     | 19      | 1  | 18      | 1  | 37      | 3   |
| Pedagogiske stillinger                                 | 296     | 23 | 372     | 29 | 668     | 52  |
| Leiarstillinger  | 47      | 4  | 68      | 5  | 115     | 9   |
| Alle stillingsgrupper                                  | 667     | 52 | 605     | 48 | 1271    | 100 |

| Tabell A3 - Fordeling av lønstillegg      | Del av lønsdanninga |        | Del av lønstillegga |        |
|---|---------------------|--------|---------------------|--------|
|   | Kvinner             | Menn   | Kvinner             | Menn   |
| Kapittel 4.A.1 - lokale lønsforhandlingar | 52,0 %              | 48,0 % | 55,0 %              | 45,0 % |
| Kapittel 5.2 - all lønsdanning lokalt     | 45,0 %              | 55,0 % | 45,5 %              | 55,5 % |
| Kapittel 3.4 - all lønsdanning lokalt     | 40,3 %              | 59,6 % | 34,0 %              | 65,9 % |

avgrensast til likeløn med vektlegging på kvinnegrupper, ansvar og oppgåver og kompetanse. 72,1 % av potten vart gitt som gruppetillegg, med vektlegging på kvinnelege arbeidstakarar. 27,9 % av lønsmidlane vart gjevne til kompetanse. Det vart gitt tillegg for relevant og dokumentert vidare-/etterutdanning og realkompetanse.

Dei lokale lønsforhandlingane for kapittel 4.A.1 vart gjennomførte i samsvar med bindingane i Meklingsmannen si møtebok, og gav eit tilfredsstillande resultat utifrå dei bindingar som låg til grunn, jf. tabellen ovafor.

### KAPITTEL 5.2 OG 3.4

Alle som er omhandla av kapittel 5.2 og kapittel 3.4 får all løn fastsett gjennom lokale forhandlingar. Oversikten ovafor viser god balanse mellom det som er tilført lønspotten, og uttaket av lønstillegga mellom kvinner og menn.

### Personalpolitiske tiltak

Tabell A4 (side 15) viser tildelte midlar til hospitering. Alle søkjarane, med planar om å hospitere i 2010, fekk tildelt hospiteringsmidlar heilt eller delvis. Som ein del av den faglege utviklinga har kvinnene vore mest aktive i å gjere seg nytte av hospiteringsmidlane over tid, også i 2010. Tal søknader frå menn har i same tidsrom vore ein del mindre, men med ein monaleg auke i 2010.

I 2010 viser sum tildeling av midlar ei utjamning mellom kvinner og menn, sjølv om kvinnene dominerer

søknadsmassen. Dette skuldast at menn sine hospiterings-tiltak har opplegg som inneber større kostnad i hospiterings-perioden.

Tabell A6 (side 15) viser leiarutviklingstiltak for kvinner - stipend/studieavgift. Ingen søkte på midlar i samband med leiarutviklingstiltak for kvinner i 2010. Reglane seier at det skal gjevast permisjon med løn ved deltidsstudium som har førelesingar på arbeidsdagar. Ved heiltidsstudium kan det gjevast delvis permisjon med løn.

### Seniorpolitiske tiltak

Tabell A5 (side 15) viser seniorpolitiske tiltak. Desse tiltaka dekkjer motiveringstilskot som vert utbetalt årleg frå fylte 63 og fram til fylte 65 år. I tillegg vert det gitt tilretteleggingstilskot som skal brukast til lette i arbeidssituasjonen, slik som kortare arbeidstid, uttak av fridagar m.m. Tiltaket vert dekkja av sentral løyving.

Frå fylte 65 år har einingane høve til å vidareføre ordninga eller å avtale særskilde ordningar med den tilsette innafør ramma av eininga sitt budsjett.

### Arbeidsmiljøarbeidet

I samsvar med intensjonane i IA-avtalen arbeider fylkeskommunen systematisk med å stabilisere det gjennomsnittlege sjukefråværet. Vi gjer ein inkluderande profil synleg ved å prioritere at vi ved rekruttering ønskjer å ha mangfald i arbeidsstyrken. Vi praktiserer



**Tabell A4 - Hospitering - tidelte midlar**

| Hospitering 2008 |            | Hospitering 2009 |            | Hospitering 2010 |            |
|------------------|------------|------------------|------------|------------------|------------|
| 19 kvinner       | 228 000 kr | 19 kvinner       | 275 800 kr | 19 kvinner       | 250 011 kr |
| 6 menn           | 121 000 kr | 4 menn           | 81 200 kr  | 11 menn          | 266 402 kr |
| Tidelt totalt    | 349 000 kr | Tidelt totalt    | 357 000 kr | Tidelt totalt    | 516 413 kr |

**Tabell A5 - Seniorpolitiske tiltak**

| Brukte midlar i 2008 |            | Brukte midlar i 2009 |            | Brukte midlar i 2010 |            |
|----------------------|------------|----------------------|------------|----------------------|------------|
| 20 kvinner           | 396 000 kr | 30 kvinner           | 452 000 kr | 17 kvinner           | 433 018 kr |
| 19 menn              | 504 000 kr | 25 menn              | 448 000 kr | 7 menn               | 392 469 kr |
| Tidelt totalt        | 900 000 kr | Tidelt totalt        | 900 000 kr | Tidelt totalt        | 825 487 kr |

**Tabell A6 - Leiarutviklings-tiltak for kvinner**

|     | 2008      | 2009      | 2010 |
|-----|-----------|-----------|------|
| Sum | 87 000 kr | 37 000 kr | 0    |

**Tabell A7 - Sjukefråver**

| 2005   | 2006   | 2007  | 2008   | 2009   | 2010  |
|--------|--------|-------|--------|--------|-------|
| 4,60 % | 4,80 % | 4,30% | 5,50 % | 5,00 % | 4,4 % |

ein livsfaseorientert arbeidsgjevpolitik som bidreg til lite personalomskifte, og aukar den gjennomsnittlege avgangsalderen for pensjonering.

I arbeidsmiljøarbeidet har det vore ei vridning frå kollektive tiltak til meir individretta oppfølging. Hovudmålsetjinga vår har vore å stabilisere sjukefråværet på eit nivå på om lag 5 %. Det er positive utviklingstrekk at sjukefråværet er stabilt, sjølv om alderssamansetjinga gir ein aukande snittalder.

Vi tilbyr støtte og hjelp i førebygging og oppfølging av sjuk-melde medarbeidarar. Vi fokuserer på tilrettelegging for den einskilde og strekkjer oss så langt som mogeleg for å halde på tilsette som møter utfordringar baserte på eiga helse eller på fysiske- og eller psykososiale utfordringar i arbeidsmiljøet.

Gjennom kyndig rådgjeving og ved bruk av sentrale midlar får einingane bistand til tiltak omkring ergonomi, belastningsslidningar og hjelp til betring av det psykososiale arbeidsmiljøet.

I tillegg vert også slike tenester kjøpte eksternt. Vi nyt også godt av ressursar frå tilretteleggingstilskot frå NAV-Arbeidslivssenteret som vi er søkegode til i kraft av å vere ei IA-verksemd.

Fylkeskommunen tilbyr opplæring i arbeidsmiljøkunnskap gjennom vårt årlege 40-timarskurs retta mot verneombod,

medlemer i arbeidsmiljøutvala og leiarar. I 2010 gjennomførte 20 personar kurset som gjekk over fire dagar supplert med noko heimearbeid.

Statistikken frå det registrerte sjukefråværet mellom alle tilsette syner stabilitet målt i tapte dagsverk sett i høve mogeleg dagsverk. For 2010 er det ein gledeleg nedgang til 4,4%. Tabell A7 viser registrert gjennomsnittleg fråvær i perioden 2005-2010.

### Aldersamansetjinga i fylkeskommunen

Tabell A8 (side 16) viser aldersamansetjinga i fylkeskommunen. Snittalderen i fylkeskommunen er 46,4 år. 53,6% av dei tilsette er 50 år eller meir. At tilsette står lenger i arbeid etter fylte 62 år er positive utviklingstrekk, og er i tråd med ønska utvikling, jf. delmål tre i IA-avtalen. Permitterte er ikkje med i statistikken.



Fylkeskommunen flytta inn i dei nye lokala i Storehagen Atrium, hausten 2010. Bygget har fått skryt for fargerik og universelt utforma merking av etasjar og kontor. Foto: Guro Høyvik/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**Tabell A8 - Aldersamansetjinga i fylkeskommunen**

| Aldersgruppe | Tal personar | Årsverk     | Tilsette i % | Snittalder pr aldersgruppe |
|--------------|--------------|-------------|--------------|----------------------------|
| 0 - 20 år    | 6            | 2           | 0,4          | 18,5                       |
| 20-29 år     | 76           | 64          | 5,3          | 25,0                       |
| 30-39 år     | 236          | 209         | 16,3         | 34,5                       |
| 40-49 år     | 352          | 317         | 24,4         | 44,5                       |
| 50-59 år     | 460          | 413         | 31,8         | 54,5                       |
| 60-69 år     | 309          | 262         | 21,4         | 64,5                       |
| 70+ år       | 6            | 4           | 0,4          | 72,5                       |
| <b>Sum</b>   | <b>1445</b>  | <b>1271</b> | <b>100,0</b> | <b>46,4</b>                |



# Likestilling, likeverd og mangfald

Alle arbeidsgjevarar skal gjere greie for likestilling i årsrapporten. Fylkeskommunen si plikt følgjer av likestillingslova §1A (3. ledd).

## Handlingsplan for likestilling

I juni 2009 vedtok fylkestinget ein ny handlingsplan for likestilling. Slik ønskjer vi å møte nye lovkrav og inkludere likeverd og mangfald i fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre likestilling og likeverd for alle.

### VISJON

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere kjent for å arbeide aktivt for likestilling, likeverd og mangfald.

### OVERORDNA MÅL

Tilsette og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald.

### DELMÅL

1. Innan utgangen av 2010 skal fylkeskommunen oppfylle aktivitets- og rapporteringsplikt i tråd med gjeldande lovkrav (frå januar 2009).
2. Innan utgangen av 2012 skal tal tilsette som ufrivillig arbeider deltid vere redusert med 50%.
3. Dei som arbeider i fylkeskommunen skal spegle mangfaldet som bur i Sogn og Fjordane.

### TILTAK I HANDLINGSPLANEN

1. Fylkeskommunen sine einingar skal kartleggje, registrere, rapportere, setje i gang og evaluere likestillings-, likeverds- og mangfaldstiltak lokalt. Fylkesrådmannen skal samle inn einingane sine rapportar gjennom linja og samanstillte dei.
2. Fylkeskommunen skal ta i bruk måleindikatorar for likestilling, likeverd og mangfald i sitt overordna styringsverktøy: Balansert målstyring.
3. Fylkeskommunen skal ha ein inkluderande profil som formidlar at mangfald er ein ressurs for fylkeskommunen. Profilen skal syne att i stillingsutlysingar, i informasjonsmateriell, på rekrutterings- og utdanningsmesser, på fylkeskommunen sine nettsider og i trykksaker som

omtalar fylkeskommunen og fylkeskommunen sine einingar.

4. Ved tilsetting av traineear skal fylkeskommunen prioritere kandidatar med nedsett funksjonsevne eller med innvandrarbakgrunn.
5. Fylkeskommunen skal bli betre til å synleggjere fylkeskommunen sin vilje og evne til å leggje til rette for mangfald i fylket. Det gjeld både som arbeidsgjevar, tenesteleverandør og utviklingsaktør, og skal syne att i planarbeid, tilskotsordningar og tenesteyting.
6. Fylkeskommunen skal halvere tal tilsette som ufrivillig arbeider deltid innan utgangen av 2012. Det skal gjerast i tråd med retningslinjer nedfelt i hovudtariffavtalen og til bruken av deltidsstillingar i § 2.3.2 i hovudtariffavtalen. I tillegg gjeld følgjande interne prosessar:
  - a) Medarbeidarsamtalen skal nyttast til å kartleggje kven som ønskjer auka stillingsprosent.
  - b) Medarbeidaren skal formidle kva kompetansehevingstiltak som er ønskjelege.
  - c) Leiar skal vurdere behovet for endra og ny kompetanse ved eininga i eit perspektiv på minst 3 år, samanhalde med prognose for avgang av medarbeidarar.
  - d) Eininga sitt kompetansebehov skal samanhaldast med dei tilsette sine ønske.
  - e) Om kompetansehevinga er innafør det behovet som er kartlagt ved eininga, skal det avtalast verkemiddel for at den tilsette skal kunne gjennomføre kompetanseheving for å kome i posisjon til utvida stilling.

I 2010 har fylkeskommunen hatt eit særskilt trykk på tiltak 1, 4 og 6. I høve tiltak 1 (aktivitet og rapportering) har fylkeskommunen initiert og følgd opp arbeidet med lokale handlingsplanar for likestilling, likeverd og mangfald.

I høve tiltak 4 (prioritering av kandidatar med nedsett funksjonsevne eller med innvandrarbakgrunn) så har vi hatt kandidatar med innvandrarbakgrunn inne på intervju, men desse blei ikkje tilsette. Manglande språkkompetanse blant førstegongsinnvandrarar er ei utfordring.

| Tabell L1 -<br>Kjønnsfordelinga i verksemda | Heiltidstilsette |      |      |      | Deltidstilsette |      |      |     |
|---|------------------|------|------|------|-----------------|------|------|-----|
|   | Kvinner          | i %  | Menn | i %  | Kvinner         | i %  | Menn | i % |
| Kultursektoren                              | 15               | 1,0  | 6    | 0,4  | 3               | 0,2  | 3    | 0,2 |
| Opplæringssektoren                          | 288              | 20,0 | 396  | 27,4 | 271             | 18,8 | 133  | 9,2 |
| Tannhelsesektoren                           | 52               | 3,6  | 19   | 1,3  | 63              | 4,4  | 2    | 0,1 |
| Sentraladministrasjonen*                    | 68               | 4,7  | 91   | 6,3  | 26              | 1,8  | 12   | 0,8 |

\* Inklusive driftsteama i Førde/Sogndal/Årdal med drifts- og vedlikehald av bygningsmassen

| Tabell L2 - Leiarstillingar i fylkeskommunen | Kvinner | %  | Menn | %  | Totalt | %   |
|--|---------|----|------|----|--------|-----|
| Sentraladministrasjonen                      | 10      | 40 | 15   | 60 | 25     | 100 |
| Tannhelse                                    | 1       | 33 | 2    | 67 | 3      | 100 |
| Kultur                                       | 1       | 50 | 1    | 50 | 2      | 100 |
| Opplæring( skulane og ppt)                   | 38      | 42 | 53   | 58 | 91     | 100 |
| Total alle sektorane                         | 50      | 41 | 71   | 59 | 121    | 100 |

I høve tiltak 5 kan vi til dømes nemne at det i 2010 vart vedteke ein plan for rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket.

I høve tiltak 6 (uønskt deltid) så har fylkeskommunen lyst ut midlar - utdanningsstøtte - til kompetanseheving. Dette er midlar som tilsette som arbeider uønskt deltid kan søkje på for å kvalifisere seg til nye arbeidsoppgåver og slik auke stillingsprosenten sin. I 2010 var det ingen som søkte på desse midlane.

Det er også gjort endringar i utviklingssamtalen (tidlegare medarbeidersamtalen) slik at den i sterkare grad utfordrar både leiar og den tilsette til å ta opp aktualitetar kring eininga og den enkelte sitt kompetansebehov. Mellom anna skal den tilsette sjølv formidle kva kompetansehevingstiltak som er ønskjeleg. Dette for at tilsette skal kunne gjennomføre kompetanseheving for å komme i posisjon til utvida stilling.

### Kjønnsfordelinga i verksemda

Tabell L1 viser tal på tilsette fordelt på sektor. I opplæringssektoren er det to hovudgrunnar til at talet på deltidstillingar er høgt:

- Mesteparten av reinhaldsstillingane er knytte til denne sektoren, og innafor den gruppa er det mange deltidstilsette.
- Kravet til undervisningskompetanse i dei ulike faga gjer at opplæringsoppgåvene må løysast gjennom deltidstillingar for å få timeplanen til å gå i hop innafor tildelte økonomiske rammer.

Innafor tannhelsesektoren er det mange tannhelsesekretærar som har deltidstilling.

### Tabell L3 - Ønske om utvida eller heil stilling

| Kvinner | %    | Menn | %    | Totalt | %   |
|---------|------|------|------|--------|-----|
| 73      | 74,5 | 25   | 25,5 | 98     | 100 |

### Deltidstillingar

I 2010 var 35% av dei tilsette i fylkeskommunen deltidstilsette. Årsakene til det vart kartlagde noko nærare i 2007, og då hadde 59 % av deltidstillingane sin bakgrunn i at det er gjort tilpassingar gjennom ønske frå medarbeidar og elles som ein følgje av rettar til deltid gjennom lovverk og tariffavtalar. Resterande 41 % var ei følgje av arbeidsgjevar si organisering.

For å kunne vite noko om omfanget av medarbeidarar som ønskte større stillingsstorleik, vart det gjennom spørjeskjema bedt om tilbakemelding om kven som ønskte utvida stillingsstorleik. Medarbeidarar som hadde deltidstilling fastsett av arbeidsgjevar og tilpassa stilling etter eige ønske vart spurde. Svarprosenten var i overkant av 50 %.

Kartlegginga viste at det av 519 deltidstilsette var 98 som ønskte større stillingsstorleik (sjå tabell L3), dvs om lag 19% av dei deltidstilsette. Av samla tal tilsette (1423) i 2007 var det 7% som hadde ønske om større stillingsstorleik.

Skeivfordelinga i fylkeskommunen mellom kvinner og menn når det gjeld deltidstillingar er i hovudsak eit uttrykk for tradisjonelle familiemønster. Menn arbeider heiltid og kvinner deltid. Ei fleksibel haldning frå arbeidsgjevar til medarbeidarane sine ønske om redusert stillingsstorleik har



**Tabell L4 - Utviklingstrekk i leiarstillingane**

| 2005 |         | 2006 |         | 2007 |         | 2008 |         | 2009 |         | 2010 |         |
|------|---------|------|---------|------|---------|------|---------|------|---------|------|---------|
| Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner |
| 68 % | 32 %    | 66 % | 34 %    | 61%  | 39%     | 64 % | 36 %    | 63%  | 37 %    | 59 % | 41 %    |

**Tabell L5 - Kjønnfordelt lønsstatistikk**

|  | 2005  | 2006  | 2007  | 2008  | 2009  | 2010  |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Kontorstøttestillingar                                 | 103,1 | 103,8 | 107   | 100,3 | 100,1 | 98,3  |
| Driftsstillingar og støttestillingar til fagstillingar | 97,3  | 98,2  | 99,0  | 101,6 | 101,1 | 99,1  |
| Sakshandsamarstillingar                                | 94,6  | 93,7  | 94,4  | 93,3  | 95,4  | 91,5  |
| Fagstillingar fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.        | 96,7  | 97,4  | 101,0 | 100,5 | 103,5 | 105,3 |
| Tannlegestillingar                                     | 99,3  | 92,8  | 92,0  | 94,5  | 95,2  | 91,6  |
| Pedagogiske stillingar                                 | 97,8  | 97,7  | 97,4  | 98,3  | 98,8  | 98,2  |
| Leiarstillingar  | 99,1  | 97,8  | 97,7  | 97,9  | 98,0  | 97,2  |
| Alle årsverk   | 88,3  | 89,4  | 90,2  | 90,0  | 90,1  | 89,8  |

ført med seg fleire deltidstillingar, og fleire deltidstilsette kvinner.

Ut frå kartlegginga ser det ut til at dei deltidstilsette i mindre grad opplever at deira stillings-prosent er eit resultat av arbeidsgjevar og tenestestad si tilpassing til rammevilkår og arbeidsoppgåver (stillingsbehov i forhold til arbeidsoppgåvene), enn det institusjonsleiarane gjer.

Omfanget av deltidstillingar er etter måten stor innafor gruppa av pedagogisk tilsette. Tiltak for denne gruppa er, gjennom utviklingssamtalen, å avtale vidareutdanning som kan gje den deltidstilsette breiare undervisningskompetanse.

### Leiarstillingar i fylkeskommunen

Ved utgangen av 2010 er fordelinga av leiarstillingane mellom kvinner og menn som vist i tabell L2.

Tabell L4 viser ei prosentvis fordeling av leiarstillingar mellom menn og kvinner og utviklingstrekk for leiarstillingane i fylkeskommunen i perioden 2005 - 2010. Vi har i 2010 klart å nå målsetjinga vår om minst 40 % kvinner i leiarstillingane.

### Kjønnfordelt lønsstatistikk

Tabell L5 viser kvinner si løn i % av menn rekna etter årsverk i perioden 2005 til 2010. Tabellen syner at fylkeskommunen har tradisjonelle lønsskilnader som i samfunnet elles.

Pedagogiske stillingar har ein kjønnsnøytral lønsstruktur, og forskjellane som vi ser her har samanheng med alder og

ansiennitet. Det vert rekruttert fleire kvinner enn menn inn i lærarstillingane, og ved nyrekruttering vil løna vere avhengig av praksis som gir lønsansiennitet. I 2005 var det kvinner i 41 % av årsverka for pedagogisk personale, og kvinner sin del av årsverka i denne stillingsgruppa er i 2010 auka til 45 %.

Samla er snittet for kvinner på 89,8 % av løna til menn. Snittet for heile kommunesektoren etter data frå SSB er 91,6 % i 2009. Hovudgrunnen til dette er stillingsstrukturen mellom kvinner og menn. Tradisjonelle kvinneyrke i fylkeskommunen er kontorstøtte, driftsstillingar og støttestillingar til fagstillingar. Det er i desse gruppene 387 stillingar som i snitt har ei årsløn på om lag 332 000 kr. I 78 % av desse stillingane er det kvinner. Dette er hovudårsaka til at kvinner i snitt har ei årsløn som er 89,8 % av det menn tener i fylkeskommunen.

### Kjønsdelt statistikk for permisjonsuttak

Fylkeskommunen har ikkje i sitt løns- og personalsystem etablert gode nok rutinar til å gje ein forsvarleg kjønnsstatistikk over permisjonsuttak. Nødvendige tiltak og rutinar vil verte gjennomførte i det nye løns- og personalsystemet som skal takast i bruk i 2010/2011.



Borgarden, sentrumsplassen på Hermansverk, Leikanger. Foto: Mona Elisabeth Steinsland /Sogn og Fjordane fylkeskommune.

# Bygg og eigedom

## Vurdering - måloppnåing

Bygge- og eigedomsforvaltinga har også i 2010 hatt høg aktivitet innan alle ansvarsområda sine. Arbeidet byggjer på målsetjinga om at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, og at eigedomar og bygningane til ein tid skal vere tilpassa det behovet som brukarane har. I tillegg skal bygningane vere best mogeleg lagt til rette for framtidige endringar. Det er eit mål å tilpasse ressursbruken i høve aktiviteten og dei primære målsetjingane ovanfor.

## Bygge- og investeringsprosjekt

Aktiviteten på større bygge- og investeringsprosjekt har i 2010 mellom anna vore knytt til det første byggjesteget på Sogndal vidaregåande skule / Campus Fosshaugane. I dette byggjesteget byggjer vi ny skule, primært for yrkesfaga, med ei samla kostnadsramme på omlag 350 mill. kr og eit totalt areal på 14500 m<sup>2</sup>. Arbeidet starta på tomte våren 2009 og skal være ferdigstilt i løpet av 2011.

I tillegg har det vore stor aktivitet på prosjektet ved Flora vidaregåande skule. Her vert det i eit nytt påbygg, etablert nytt inngangsparti, kantine, bibliotek og nye undervisningslokale. Kostnadsramma er på om lag 83 mill. kr og dette første byggesteget vert ferdigstilt til skulestart i 2011. Prosjektet er så planlagt vidareført med ombygging/rehabilitering av dei resterande bygga ved skulen.

Andre prosjekt med vesentleg aktivitet i 2010 kan nemnast, fullføring av påbygg ved Dale vidaregåande skule, rehabilitering av eksisterande bygningsmasse ved Firda vidaregåande skule, ferdigstilling av kaldtiller II ved Øyrane vidaregåande skule og tilrettelegging av lokale ved Høyanger vidaregåande skule.

## Planlegging og prosjektering

Det har og vore stor aktivitet knytta til programmering, prosjektering og anbodsinnhenting dette året. Anbuds-konkurranse på totalentreprisearbeidet til Kunstmuseet i Førde er gjennomført, og prosjektet er no kome i gang på byggjeplass. Det er vidare laga grunnlag for plan- og designkonkurransar på nytt besøkssenter til Tusenårsstaden Gulatinget og til det planlagde fellesmagasinet for musea i Sogn og Fjordane.

## Fysisk miljø og inneklima

Enkle parameter for inneklima, basert på temperatur og CO<sub>2</sub>-innhald i lufta vert kartlagt. Aktuelle tiltak vert utførde som akutte prosjekt eller som ein del av vedlikehaldsarbeidet etter behov. Det har i løpet av 2010 vore gjennomført fleire tiltak knytte til miljø- og inneklima. Mellom anna er det ved Stryn vidaregåande skule installert nytt ventilasjonsanlegg i den eldste undervisningsblokka, og ved Årdal vidaregåande skule er det installert nytt lysanlegg og lysstyring i fellesareal/kantine.

## Energisparing, energibruk og miljø

Etter søknad fekk fylkeskommunen i 2009 tildelt 11,6 mill. kr i statlege tiltaksmidlar frå ENOVA. Midlane var øyremerka for gjennomføring av energisparetiltak, og er generelt nytta til utskifting av gamle lysarmaturar og etablering av nye lysstyringsanlegg. I tillegg har ein rusta opp vassborne varmeanlegg/fyrrom ved dei vidaregåande skulane i Måløy, Førde og Florø. Prosjektet vart fullført i 2010.

Fylkeskommunen har i perioden 2005 til 2010 gjennomført eit prosjekt med søkelys på effektiv energibruk i bygningsmassen. ENOVA har etter søknad tildelt dette prosjektet 8 % av samla investeringskostnad. Prosjektet, som vart avslutta dette året, har synleggjort målbar innsparing på i underkant av 1,0 mill. kilowattimar.

Prosjektet målretta energistyring vart oppretta i 2010 for å vidareføre arbeidet med å kartlegge, registrere og redusere den totale energibruken i fylkeskommunale eigedommar. I prosjektet inngår lovpålagt energimerking, tiltaksliste og ein heilskapleg energistyringsplan for perioden 2012-15.

## Driftstenester

Ved den fylkeskommunale bygningsmassen i Sogndal og Førde er det organisert driftsteam med til saman 11 tilsette som ser til den daglege drifta av bygningane. I tillegg har vi ein tilsett ved Årdal vidaregåande skule. Dei tilsette har i 2010 utført arbeidsoppgåver relaterte til dei aller fleste fagområde. I tillegg har teama i samarbeid med skuleadministrasjonen utført servicefunksjonar knytte til daglege driftsoppgåver.



Fylkesmessa 2010 for ungdomsbedrifter var på Nordfjordeid. Her ser du elevar frå "Smak av gourmet UB" og "Fumé UB" frå Måløy vgs, som mottok mange prisar denne dagen. Foto: Hildegunn Løken Holtan/Fjordenes Tidende.



# Opplæring

## Vurdering - måloppnåing og ressursbruk

Det vart teke inn 4240 elevar i dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane i 2010. Det er 42 fleire enn i 2009.

Det er vedteke eit mål om at karakternivået i Sogn og Fjordane skal vere over landsgjennomsnittet. Dette er oppnådd for skuleåret 2009/10.

Det samla fråfallet i skulane i Sogn og Fjordane skuleåret 2008-2009 var på 3,2 %. Dette er ein reduksjon på 0,3% i høve skuleåret før. Landsgjennomsnittet var på 4,4 % - ein reduksjon på 0,1 % i høve skuleåret før. (Kjelde: KOSTRA).

I 2010 vart det inngått 560 nye lærekontraktar. Dette er 84 fleire enn i 2009. Ved utgangen av 2010 var det registrert 900 løpande lærekontraktar.

Det vart sett i gang 14 ulike kurs for vaksne i 2010, med til saman 209 deltakarar. 101 av deltakarane hadde rett til vidaregåande opplæring, medan 108 var utan rett/retten ikkje avklara.

## KVALITET I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Vedtekne mål- og strategiar for vidaregåande opplæring 2008-2011, "Rom for alle - syn for den enkelte", med tilhøyrande handlingsprogram, låg til grunn for prioriteringane som vart gjorde i opplæringssektoren i 2010. Som ein del av kvalitetssystemet vart rullering av handlingsprogrammet handsama av hovudutval for opplæring i mai 2010. Mandat for og organisering av arbeidet med utarbeiding av nytt mål- og strategidokument for 2012-2015 vart vedteke av hovudutval for opplæring hausten 2010.

2010 er andre året med berbar PC for elevar i vidaregåande opplæring. Også dette året var utvikling av digital kompetanse, tryggleik ved eksamen og etablering av naudsynt infrastruktur (straumuttak) prioriterte område.

Som ein del av prosjektet "Karriere Sogn og Fjordane" vart ressursen til regionkoordinatorar vidareført for skuleåret 2010/11. Desse har delansvar for prosjektet i ulike deler av

fylket og ansvar for å organisere faget utdanningsval. I regi av prosjektet vart også kompetanseheving for rådgjevarar og kontaktlærarar prioritert, m.a. ved gjennomføring av "næringsreiser" innan nokre utdanningsprogram.

Gjennom plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane for 2010 deltok pedagogisk personale frå fylket i vidareutdanning på masternivå i norsk og realfag. Leiaropplæring for 27 personar kom i gang hausten 2010, med avslutning april 2011. I tillegg har fem lærarar teke rettleiings- og mentorutdanning. Fleire skular har delteke på Ikt-didaktikk-studium arrangert av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det har også vore digital leiaropplæring for rektorar/mellomleiarar og klasseleiingskurs. I alle fagnettverka har det vore arbeid med temaet vurderingsarbeid i høve elevane.

Frå 2010 har fylkeskommunen ansvar for rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket. Plan for arbeidet vart politisk handsama i hovudutval for plan og næring i juni 2010. Midlane vart i hovudsak fordelte på tre område; kortare kurs, nettbasert agronomutdanning og utlysing etter kriterium og mål i planen.

Det er frå 2010 budsjettert med fylkeskommunale midlar til open skule - leksehjelp ved dei vidaregåande skulane.

Hausten 2010 vart det gjennomført obligatoriske kartleggingsprøvar i rekning og lesing og ei frivillig kartleggingsprøve i engelsk på Vg1. Informasjon frå kartleggingsprøvene skal brukast internt av skulane og lærarane for å identifisere elevar med særskilde utfordringar, slik at dei kan få ekstra oppfølging. Fylkeskommunane er tilført midlar til kompetanseheving og utprøving av ulike oppfølgingstiltak, som t.d. utvida leksehjelp.

Ny GIV - Gjennomføring i vidaregåande opplæring - er ein nasjonal dugnad som vart sett i gang hausten 2010 for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Prosjektet er tredelt:

- følgje opp elevar som har lite utbyte av skulegangen frå det siste halvåret av ungdomssteget og på Vg1 og Vg2 i vidaregåande opplæring



Marit Årdalsbakke (Firda vidaregåande skule) fotografere frå Hornelen. "I trygge hender" frå Erik Hjelle og Oddveig Dimmen.  
Foto: Magnus Willumsen/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

- i samarbeid med NAV, kvalifisere ungdom som ikkje er i utdanning eller arbeid til å delta i opplæringsløp som fører fram til godkjend kompetanse
- sikre skuleeigar fullt oversyn over den delen av ungdomsgruppa som ikkje er under utdanning eller i arbeid

Det statleg tildelte ekstratilskotet i høve tilskot til lærebedrifter vart i 2010 mellom anna nytta til ekstra tilskot til lærebedrifter som tok inn nye lærlingar. I tillegg vart det nytta midlar til prosjekt for å auke tal læreplassar. Prosjektet vart vidareført for 2011.

#### **ANSVAR FOR FAGSKULEUTDANNING**

Fylkeskommunen fekk frå 2010 ansvar for drift og finansiering av fagskuleutdanninga. Frå same tidspunkt fekk fylkeskommunen ansvar for forvaltning av tilskotsordninga for fagskuleutdanning i helse- og sosialfag.

#### **DEI VIDAREGÅANDE SKULANE SOM UTVIKLINGS-AKTØRAR**

I 2010 vart om lag 2,5 mill. kr av dei regionale utviklingsmidlane øyremerkte stimulering av utviklingstiltak ved dei vidaregåande skulane. Kriterium for tildeling av midlar var forankring i fylkeskommunale styringsdokument og skulen sin utviklingsplan. Tiltaka skal stimulere til auka samarbeid med lokalt - og regionalt arbeidsliv, for utvikling av både vidaregåande opplæring og lokalsamfunnet.

#### **BYGGE- OG INVESTERINGSPROSJEKT**

Også i 2010 var det fokus på arbeidet med dei store bygge- og investeringsprosjekta i opplæringssektoren. Av større prosjekt kan nemnast:

- Sogndal vidaregåande skule: bygging av samlokalisert skule, 1. byggesteg. Starta hausten 2008.
- Dale vidaregåande skule: fullføring av byggeprosjekt som tok til i 2008.
- Flora vidaregåande skule: ombygging/rehabilitering/nybygg. Starta i mai 2009.
- Firda vidaregåande skule: innvendig ombygging/rehabilitering. Starta i juni 2010.
- Høyanger vidaregåande skule: tilrettelegging og ombygging. Prosjektet vart ferdigstilt til skulestart 2010.
- Øyrane vidaregåande skule: fullføring av kaldt lager II.

#### **Effektiviseringstiltak i 2010**

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2010-11 ei oppfyljing i grupper på om lag 93 %. På studieførebuande utdanningsprogram er oppfyllinga om lag 95 %, medan dei yrkesførebuande utdanningsprogramma har ei oppfyljing på om lag 91 %.

Tilbodet i 2010 samsvara i stor grad med søkjarane sine ønske. Sjølv med ein desentralisert skulestruktur syner oppfyllingsprosenten over år ei stabil og god utnytting av ressursane.





## Gode karakterar i den vidaregåande skulen

For skuleåret 2009/10 er målet om at elevar frå Sogn og Fjordane skal ha karakterar som ligg over landsnittet oppnådd. Grunnskuleelevane i fylket skårar også høgt på nasjonale prøver og eksamen, så utgangspunktet for elevar som tek til på vidaregåande skular her i fylket, er i gjennomsnittet godt. Ambisjonsnivået bør vere høgt, både når det gjeld karakternivå og talet på elevar/lærlingar som kjem ut med vitnemål/fagbrev (fullført og bestått) etter normert tid i vidaregåande opplæring.

Fleire av dei store bygge- og investeringsprosjekta har som mål å samlokalisere aktiviteten ved den einskilde skule. Dette gir meir tenleg og effektiv drift, både fagleg og økonomisk.

## Folkehelse, fysisk miljø og inneklima

### FOLKEHELSE

Miljøkoordinatorane, skulehelsetenesta og folkehelsegruppene ved skulane er sentrale i arbeid knytt til førebygging og psykososialt miljø i skulekvardagen. Psykisk helse er eit fokusområde for skulane, som del av mandatet til folkehelsegruppene. Skulane legg også til rette for diverse sosiale arrangement for dei tilsette.

Krav om sjølvfinansierte kantiner gjer arbeidet for sunnare mattilbod i kantinene noko utfordrande, og ein får ikkje satsa så sterkt som ønskeleg.

Skulane har ulike aktivitets- og idrettsdagar gjennom året, og tilbod om bruk av idrettshall, trim- og styrkerom på fritida.

Skulane gjennomfører ulike førebyggingstiltak når det gjeld rus og tobakk, til dømes opplegg og temadagar i samarbeid med andre etatar. 9 av skulane har vedteke røykfritt skuleområde.

Skulane har ulike tiltak for trafikktrygging, med særlege opplegg for russen. Etter søknad har nokre skular fått tildelt midlar frå Fylkestrafikktryggleiksutvalet (FTU). Dale vidaregåande skule er med i nystarta prøveprosjekt med gratis føraropplæring i skuletida. I 2010 hadde kring 170 lærlingar temaet trafikktryggleik på regionvise lærlingsamlingar.

### FYSISK MILJØ OG INNEKLIMA

Det var i 2010 gjennomført tiltak ved Stryn, Årdal, Måløy, Mo og Jølster, Øyrane, Hafstad og Flora vidaregåande skule. Det vart i tillegg gjennomført ulike arbeidsmiljøtiltak

## Høgt tal elevar gjennomfører vidaregåande utdanning

Vi tek utgangspunkt i dei elevane/ lærlingane som starta på grunnkurs i 2004. Av desse gjennomførte 59 % **på normert tid**. Elevar/lærlingar i fylket har høgare gjennomføringsprosent enn landet. Det er lita endring (1 % nedgang) i gjennomføringsprosenten i høve året før. Det er fleire kvinner enn menn som fullfører på normert tid.

Det var 15 % som fullførte opplæringa på meir enn normert tid. For fylket utgjer dette ein auke på 2 % i høve året før. Det er fleire menn enn kvinner som fullfører vidaregåande opplæring **på meir enn normert tid**. For landet er gjennomføringa 13 %.

6 % av elevane/lærlingane er framleis i **vidaregåande opplæring etter 5 år**. Dette er som året før. I Sogn og Fjordane er det fleire menn enn kvinner som er i vidaregåande opplæring etter 5 år. Landsgjennomsnittet er 5 %.

Dei elevane/lærlingane som **ikkje har bestått** etter fullført VG3/ gått opp til fagprøve utgjer 5 %. Dette er 3 % lågare enn landet.

Av elevar/lærlingar som **slutta undervegs** ser vi ein reduksjon på 1% i høve året før. Landet samla har ein høgare prosentdel sluttarar enn Sogn og Fjordane. Det er fleire menn enn kvinner som sluttar undervegs i opplæringa.

ved skulane som til dømes oppgradering og tilpassing av arbeidsplassar og kartlegging av inneklima.

## Fylkestinget handsama

- Sak 14/10: Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2010-2011.
- Sak 26/10: Trivselshagen IKS - idrettsdel, finansiering av delprosjekt 1.
- Sak 40/10: Sogn jord- og hagebruksskule - utgreiing om framtida for skulen.
- Sak 41/10: Forvaltningsrevisjon 2010 - Minoritetsspråklege elevar - handsaming av rapport.
- Sak 55/10: Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014.
- Sak 57/10: Ferdigstilling av fylkesarenaen Fosshaugane Campus. Søknad frå Sogndal Fotball AS.
- Sak 63/10: Oppretting av eit felles interkommunalt selskap (IKS) for å ta hand om drifta av Vigo og eit eventuelt samarbeid om skuleadministrative system.
- Sak 65/10: Sikkerheitssenteret i Måløy - ny satsing.



Aktørane i forteljarteateret I Berget det blå, som turnerte i Den kulturelle skulesekken i 2010. Foto: Ronny Solheim.



# Kultur

## Vurdering - måloppnåing og ressursbruk

I 2010 hadde kultur eit vedteke nettobudsjett på om lag 55,4 millionar kroner. Fylkeskommunen sine samla løyvingar til teater, opera, folkemusikkfestival og museum (18 mill. kr) resulterte i 2010 i samla statlege tilskot til dei same institusjonane på 44 mill. kr. Sektoren forvalta om lag 36 mill. kr i statlege tilskot til annan kulturaktivitet i fylket (skulesekk, freda bygg, kystkultur, spelemidlar). Verksemda har vore styrt i tråd med kulturstrategien for perioden 2008 - 2011 med eige handlingsprogram for 2010.

Med utgangspunkt i visjonen om at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere den viktigaste utviklar av allsidig og skapande kultur i fylket, har søkelyset i 2010 vore retta mot å gjere rolla som regional utviklar endå tydelegare. Det syner mellom anna att i Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011 - 2014. Arbeidet med denne planen har vore breitt og omfattande, og syner ei tydeleg endring i rolla til fylkesbiblioteket. Tilsvarende ønskjer Strategiplan for den kulturelle skulesekken 2010 - 2014 å utvikle eigen organisasjon og bidra til utvikling lokalt. Begge desse planane vart vedtekne i 2010.

I åra 2008 - 2010 har tilskota frå Riksantikvaren til freda bygg og kystkultur dobla seg. Det gjer oss i større grad aktuell som ein føretrekt samarbeidspart når det gjeld å ta vare på dei verneverdige bygningane våre. Såleis er det i 2010 gjort eit omfattande arbeid med freda bygg og anlegg. Over statsbudsjettet for 2010 kom det 4,5 mill. kr til dette arbeidet. Full rehabilitering av Yris Hotel på Nordfjordeid er eit døme på resultat frå slike tilskot. I tillegg kom drygt 1,1 mill. kr i tilskot til kystkultur. Den treårige satsinga på ein restaureringsleiar med spesialkompetanse på antikvarisk restaurering, og ressursar til å søkje om statlege tilskot ber såleis frukter.

Nettstadane Kulturnett Sogn og Fjordane og Skulestova. no er døme på ei utvikling av fylket sin eigen kultur, enten åleine eller i samarbeid med andre. Fylkessenteret for musikkterapi bidreg også til å nå ut til grupper som til dagleg har liten tilgang på kulturtilbod. "Eldre og Kultur" er eit forskings- og utviklingssamarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitetet i Bergen og Førde kommune.

Gjennom prosjektet "Mosaikk" vert det i samarbeid med kommunar og mottak gitt kulturtilbod til personar med flyktning- og asylsøkjjarstatus. Fylkesarkivet og Fylkesbiblioteket har ein stor del av sin aktivitet knytta til kulturformidling, og bidreg aktivt til å utvikle nye tilbod, og nå nye grupper.

## BARN OG UNGE

Fylkeskommunen bidreg til å gjere lokalsamfunna meir interessante å bu og leve i ved å gje barn og unge tilbod om gode aktivitetar og tilbod innan kultur. Gjennom tilskot og eigne satsingar prioriterer vi denne målgruppa i eit samspel med lag og organisasjonar. Sogn og Fjordane Idrettskrins fekk til dømes 1,2 mill. kr i 2010 for å drive og utvikle gode idrettstilbod. Saman med spelemidlane som i 2010 var på omlag 22 mill. kr til anleggsutbygging, skapar desse midlane god grobott for aktivitet og sosial utvikling.

Gjennom Den kulturelle skulesekken får alle elevane i grunnskulen kulturopplevingar og rom for utviklande aktivitet innan scenekunst, dans, visuell kunst, litteratur, kulturarv og musikk. Målet om at alle elevane skal få fire årlege tilbod er ikkje fullt ut oppfylt i 2010. Dette grunna dei samla rammene som staten gir til dette arbeidet. Alle elevane i vidaregåande skule har også fått kulturtilbod i 2010. Dei barnehagane som ønskjer det, får eitt profesjonelt musikktilbod i året.

Ungdommens kulturmønstring (UKM) gir synlege resultat av kulturarbeidet for barn og unge. Samstundes viser dei kommunale-, fylkeskommunale- og landsmønstringa ei utviklingslinje for deltakarane. I 2010 vart fylkesmønstringa lagt til Operahuset på Nordfjordeid med Malakoff Rockefestival som arrangør. Slik bidreg fylkeskommunen til å heve arrangørkompetansen og styrke arrangementet gjennom samarbeid med ein frivillig organisasjon. I 2010 var deltakinga i UKM god, og både arrangement og deltakarar heldt høgt nivå.

Fylkesting for ungdom og ungdomspolitisk utval gir ungdom i Sogn og Fjordane god trening i politisk arbeid. Det årlege fylkestinget for ungdom vart avvikla i oktober. Ungdomspolitisk utval hadde 6 møte gjennom året. I



Utdeling av fylkeskulturprisen 2010. Frå venstre: Fylkesordfører Nils R. Sandal, prisvinnar Sigrid Moldestad og Sissel Loen, leiar i hovudutval for kultur. Foto: Henning Rivedal/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

2010 stod Kulturkort for ungdom som ei av dei største ungdomspolitiske sakene. Saka vann fram i fylkestinget i desember.

#### **AKTIVITET, FORMIDLING OG UTVIKLING**

I 2010 var kom realiseringa av nybygg for Norsk Reiselivsmuseum og Sogn og Fjordane kunstmuseum eit steg vidare ved at dei naudsynte løyvingane fall på plass. Det er starta opp planarbeid for fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane og besøksenter på Tusenårsstaden. Den vedtekte museumsplanen for Sogn og Fjordane hadde sitt siste gjeldane år i 2010.

1,7 mill. kr i lokale kulturbyggmidlar vart i 2010 tildelt rockescena på Nordfjordeid, Ålhus grendahus i Jølster og Lærdal kulturhus. 22 mill. kr i spelmidlar vart fordelte på om lag 40 ulike anlegg.

Oddleif Apneset (foto), Solveig Haukaas (emalje) og Karina Siegmund (tekstil) fekk fylkeskommunen sine kunstnarstipend for 2010. Kunstnarmiljøet i fylket har fått ein del nye, yngre medlemmer siste åra. Dei økonomiske og administrative verkemiddla har i aukande grad vorte dreia mot utvikling. Ulike tilskotsordningar og økonomiske bidrag skal vere med og utvikle det frivillige og profesjonelle

#### **Fylkeskulturprisen**

Fylkeskulturprisen 2010 vart tildelt Sigrid Terese Moldestad. Ho har gjennom ei årrekke synt at ho er ein allsidig, oppfinnsam og skapande kunstnar. Tufta på folkemusikk skaper ho kulturtilbod av høg kvalitet med synlege band mellom tradisjon og utvikling.

kulturlivet i fylket. Byjubileet i Florø er eit døme på det med ein heilårleg kulturfest der fylkeskommunen var ein viktig bidragsytar.

I 2010 starta Sogn og Fjordane ungdomslag, med tilskot frå fylkeskommunen, eit 3-årig prosjekt kalla Huset i Bygda. Målet er at det skal gje oss interessant informasjon om stader og miljø der kulturen vert skapt og utvikla i fylket vårt. Eit anna utviklingstiltak som fekk tilskot frå fylkeskommunen i 2010 er arbeidet med Sunnivaleia som pilegrimslei.

#### **KULTURMINNE**

I 2010 vart det teke initiativ for å starte opp arbeidet med lokale og regionale kulturminneplanar. Fylket vårt er rikt på





Studiesamarbeid mellom Høgskulen og fylkeskommunen - Samfunnsfag med vekt på entreprenørskap og kulturformidling. Studentar og lærarar på første samling hausten 2010. Foto: Oddrun Midtbø.

kulturminne og kulturmiljø. Arbeidet med arealplanar (i 2010 om lag 600 saker) tek mykje arbeidskapasitet, og ei effektivisering via gode plandokument vil kunne gje store vinstar.

Fylkeskommunen søkte og fekk tildelt 0,5 mill. kr frå Riksantikvaren til arbeid med automatisk freda kulturminne på Selja i Selje, skjøtsel ved helleristingsfeltet i Ausevik i Flora og eit samarbeid om skilt i Osen i Gaular. I tillegg vart det gjennomført undersøking med georadar kring borga til Audun Hugleiksson på Ålhus i Jølster. Det vart også kvalitetssikra, og lagt inn nye data i kulturminnedatabasen Askeladden.

Via tilskot frå Riksantikvaren er det formidla 0,8 mill. kr til utviklingstiltak i Nærøyfjorden verdsarvområde. Det er gjort førearbeid for ein forvaltningsplan for området rundt Urnes stavkyrkje, og 0,6 mill. kr er motteke frå Riksantikvaren til skjøtels- og forvaltningsplanen. Kvernsteinsparken i Hyllestad er foreslått tatt inn på verdsarvlista. Søkelyset på kulturminna våre er gjennom desse og fleire andre tiltak i ferd med å få eit perspektiv mot verdiskaping. Slikt arbeid vil få auka prioritet i åra framover.

## Film

Arbeidet med å stimulere filminteressa i fylket heldt fram i 2010 gjennom samarbeidet med Vestnorsk filmsenter. Det vart gjennomført samling for filmskaparar, gitt råd og økonomisk støtte til manus- og prosjektutvikling. I tillegg vart det henta inn økonomisk støtte til tiltak for å auke kunnskapsnivå og nettverksarbeid. Samarbeidet har ført til auka tilskot til filmatisering i fylket, og talet på filmar produserte i Sogn og Fjordane er aukande.

Forslag om freding av Sellevåg treskofabrikk i Gulen vart ferdigstilt og sendt Riksantikvaren for vedtak. Som ledd i arbeidet med å sikre eit representativt utval av vedtaksfreda kulturminne, gjennomførte fylkeskommunen på oppdrag frå Riksantikvaren ein gjennomgang av alle fredingsvedtak som gjeld bygningar i privat eige.

## INTERNASJONAL SATSING

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok i dei 3 internasjonale prosjekta THING, Coast Alive og EuropeanaLocal i 2010. THING er eit nettverksprosjekt som skal utvikle kompetansen rundt tingstadane i



Ungdomsgruppa Serious Jokers spela under opninga av Gymmen, Nordfjords nye heilårs rockescene og aktivitetshus med øvingsrom og studio i kjellaren. Foto: Tim Øsleby.

EU vidare, med tanke på at dei er viktige reisemål for turistar. Gulen kommune er norsk part i dette prosjektet gjennom Tusenårsstaden Gulatinget. Sogn og Fjordane fylkeskommune leiår prosjektet som er 3-årig.

Coast Alive er eit interregprosjekt som legg vekt på å bruke turløyper i folkehelsearbeidet, småskala etableringar knytte til turløyper og klimaendringar sine følgjer for kulturminna våre. Noreg, Sverige, Danmark, Nederland og Storbritannia deltek med Hordaland fylkeskommune som prosjektleiar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Fylkesarkivet og ABM- utvikling (Arkiv, bibliotek og museum) er ein av 3 norske partnerar i EU-prosjektet EuropeanaLocal. 32 partnerar i 27 land har som mål å sikre at data frå lokale og regionale arkiv, bibliotek og museum vert tilgjengelege i Europeana.eu. Dette er ein felles fleirspråkleg portal som gir brukarane tilgang til kulturhistorisk materiale frå heile Europa. Portalen inneheld lenker til meir enn 6 millionar objekt.

### Effektiviseringstiltak

Samlokalisering av fylkeskommunal aktivitet i det nye Storehagen Atrium hausten 2010, vil venteleg gjere fylkeskommunen sine sentrale tenester innan mellom anna kultur både meir effektive og synlege. Meir bruk

av videokonferanse er eit miljøtiltak, og vil også gje innsparing i reisetid. I tillegg er det gjennomført tiltak for å betre kvaliteten på enkelttenester. Organisasjonen deltek i arbeidet med å bli betre på å handtere søknader om tilskot. Tenestene blir evaluerte årleg. For å hindre at søknader skal falle mellom stolar er det oppretta faste drøftingsmøte med andre avdelingar. På den måten skal søknadane bli kanaliserte dit dei passar best. Elektroniske søknadsskjema er tekne i bruk med gode resultat.

### Fylkestinget handsama

- Sak 27/10 og 53/10: Kulturkort for ungdom.
- Sak 28/10: Strategiplan DKS.
- Sak 33/10: Formidlingssenter på Tusenårsstaden Gulatinget.
- Sak 51/10: Kunstmuseum i Førde, utvida kostnadsramme.
- Sak 54/10: Fylkessoge for Sogn og Fjordane.
- Sak 55/10: Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane.





FFU 2010. Fylkesting for ungdom (FFU) er ungdomen i Sogn og Fjordane sitt fremste talerør. Tingseta vert arrangert ein gong i året og representantane kjem frå ungdomsråda og ungdomsorganisasjonane. Foto: Aud Jonstad Baardsen/Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Forslag om freding av Sellevåg treskofabrikk i Gulen vart ferdigstilt og sendt Riksantikvaren for vedtak i 2010. Foto: Arlen Synnøve Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Fagskolen Sogn og Fjordane med fagteknikarutdanning på maritim avdeling. Foto: Oskar Andersen/Debra Foto.





# Plan og næring

## Vurdering - måloppnåing og ressursbruk

I 2010 hadde plan og næring eit samla budsjett på 123 mill. kr. Størstedelen av midlane går til nærings- og utviklingstiltak. Større tiltak i 2010 var mellom anna:

- Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Noreg 46 mill. kr (+ 1,0 mill.).
- Omstillingsarbeid i kommunar 9,3 mill. kr (+1,6 mill.).
- Kommunale næringsfond 14,55 mill. kr (+2,15 mill.).
- Støtte til regionråda 2,2 mill. kr (inga endring).
- Reiselivssatsing 6,95 mill. kr (+0,8 mill.).
- Tettstadutvikling 5,6 mill. kr (+0,5 mill.).
- Utviklingsmidlar til disposisjon for vidaregåande opplæring 3,5 mill. kr (inga endring).
- Satsing gjennom fylkesplanprogramma 13,15 mill. kr (auke på folkehelse som skuldast forvaltningsreforma, elles mindre endringar).

Hovudutval for plan og næring ga også stiftinga INU-FSF i oppdrag å forvalte 34,6 mill. kr i kompensasjonsmidlar for differensiert arbeidsgjevaravgift frå Kommunal- og regionaldepartementet. Midlane skal primært nyttast i kommunane Flora, Sogndal og Førde.

Det står enno att å etablere gode indikatorar i høve oppnådde resultat. Innan arbeidsområdet næringsutvikling er det formulert mål og ambisjonar som overstig tilgjengelege ressursar. Det må jobbast meir med å formulere gode mål, og følge opp satsingar betre. Prosjekt "Gjennomføringsevne" skal betre fylkeskommunen sitt partnerskapsarbeid.

## OPPFØLGING AV FYLKESPLANEN OG REGIONAL PLANSTRATEGI

Fylkesplanmeldinga til fylkestinget i juni 2010 vedtok å vidareføre *Fylkesplanen 2004 - 2008* til ut 2012. Bruk av partnerskap er framleis eit viktig verkty for gjennomføring av fylkesplanen og alle fem fylkesplanprogramma: Opplevingsnæringar, Havbruk og fiskeri, Entreprenørskap og nyskaping, Folkehelse og livsutfalding, Fornying av offentleg sektor og IKT. Gjennom handsaminga av Fylkesplanmeldinga vart det vedteke å avvikle fylkesplanprogramma for Opplevingsnæringar og Havbruk og fiskeri frå 2011. Havbruk og fiskeri vil verte vidareført i ei anna form.

Med bakgrunn i endringar i plan- og bygningslova har 2010 vore prega av at arbeidet med regional planstrategi vart starta opp. Arbeidet har vore konsentrert om utvikling av statistikk og analysar som kan gje grunnlag for satsingar innanfor prioriterte utviklingsområde.

Fylkesspegel Sogn og Fjordane vart etablert som ein felles nettstad for kontinuerleg statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket. Fylkesspegelen er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, NAV Sogn og Fjordane og fylkeskommunen. Fylkesspegelen skal konsentrere seg om regionale problemstillingar, i tillegg til å legge til rette for analysar av bu og levekår og utfordringar som kommunane møter. Mykje av statistikken er difor på kommunenivå.

## KOMMUNANE ER VIKTIGE SAMARBEIDSPARTNARAR

Fylkeskommunen skal samarbeide med, og rettleie kommunane i plan- og utviklingsarbeidet deira (Plan og bygningslova). Plansamlingar for alle kommunane er gjennomførte med opplæring i ny plan- og bygningslov. Det er halde regelmessige møte i Planforum, som er ein møteplass for kommunane og det regionale nivået, med føremål å drøfte kommunale planar i ein tidleg fase og finne løysingar i konfliktfylte saker. Nytt delegeringsreglement legg no opp til at fylkesutvalet skal handsame samfunnsdelen i kommunale planar.

Fylkeskommunen si faglege og økonomiske satsing på tettstadforming er vidareført i 2010. Kommunane Leikanger, Vik, Flora, Aurland, Fjaler (kommunesentra) og Sogndal (Mundal i Fjærland) fekk tildelt til saman 5,6 mill. kr.

Sogn og Fjordane vart i 2010 teke opp i Kommunal- og regionaldepartementet si nye lokalsamfunnsutvikling i kommunane; (LUK)-satsing. Føremålet er å styrke fylkeskommunen sin kapasitet og kompetanse, og gjere fleire kommunar til sterke utviklingsaktørar for å bygge attraktive lokalsamfunn. Private initiativ skal vere godt integrerte i utviklingsarbeidet. Fylkeskommunen legg opp til ein innsats for metodeutvikling, med stor vekt på forankring av lokal samfunnsutvikling i overordna kommunale planar. LUK vert sett inn i samanheng med andre satsingar, prosjekt og arbeid.



Fylkeskommunen var tilstades under fiskerimessa Nor-Fishing 2010 i Trondheim, som gjekk av stabelen 17.-20. august. Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Næringsutvikling i kommunane er eit viktig satsingsområde, og kommunane er sentrale samarbeidspartnarar for fylkeskommunen i næringsarbeidet. Det vart arbeid med kommunal næringsutvikling mellom anna gjennom omstillingsarbeid, kommunale næringsfond og nettverksamlingar.

I 2010 vart prosjektet "Kommunal næringsutvikling" starta opp - eit treårig prosjekt som skal setje kommunane betre i stand til å drive med næringsutvikling, og få ei betre koordinering av det kommuneretta arbeidet på regionalt nivå.

Løyvingane til kommunale næringsfond var på 14,55 mill. kr i 2010, og regionråda fekk løyvd 2,2 mill. kr. Det er viktig at kommunane har eit næringsapparat som fungerer og kan vere ein god hjelper. Kommunale næringsfond skal medverke til eit godt næringsarbeid i kommunane. Regionråda fekk løyvd 2,2 mill. kr i 2010. Innretninga på desse midlane har søkelys på næringsutvikling, men og på ein del anna utviklingsarbeid som vert prioritert som interkommunalt samarbeid.

Fylkeskommunen har i 2010 tildelt 8,2 mill. kr til kommunane til utbygging av breiband og mobildekning. Av dette vart 5,3 mill. kr fordelt til prosjekt som skal gje raskt breiband (fiber) primært for næringslivet, medan 2,4

mill. kr gikk til utbygging og utbetring av mobildekninga i fylket. Resterande sum gikk til administrasjon gjennom Vestlandsforskning og regionråda. Det er no ei breibanddekning på vel 98% i fylket.

#### OMSTILLINGSARBEID

Askvoll gjennomførte i 2009 ein strategisk utviklingsanalyse og fekk i februar 2010 omstillingsstatus for eitt år (2010) for å utgreie og få på plass ein eigna omstillingsorganisasjon. Vågsøy, Hyllestad og Høyanger har omstillingsstatus ut 2011. Ordinær omstillingsløyving i 2010 vart fordelt slik: Høyanger 3,5 mill. kr, Vågsøy 4 mill. kr, Hyllestad 1,5 mill. kr og Askvoll 0,3 mill. kr.

I oktober 2010 kom rapporten "Langtidseffekter av omstillingsprogram" (Trøndelag Forsking og Utvikling AS) som viser positive langtidseffektar i alle utvalde case, det vil sei skildring av ein spesiell situasjon. Omstillingsprogrammet i Bremanger var med som case frå vårt fylke. Funna om gjennomgåande styrka næringsutviklingsevne, og eit meir robust og variert næringsliv, samsvarar godt med det vi opplever som resultat frå dei aller fleste omstillingsområda.

#### INNOVASJON, FORSKING OG UTVIKLING

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde si fyrste utlysing av midlar i 2010. Temaområde for søknad om hovudprosjekt



var a) Berekraftig matproduksjon b) Energi og maritim sektor og c) Offentlege utviklingsoppgåver. Tre hovudprosjekt i Sogn og Fjordane fekk støtte med tilsaman 7,04 mill. kr. To forprosjekt frå Sogn og Fjordane fekk 200 000 kr.

VRI - verkemiddel for regional forskning, utvikling og innovasjon - har i 2010 oppsummert kompetansemekling som den mest vellukka aktiviteten. Målet er å få bedrifter til sjølve å definere eigen trong for FoU. I 2010 var det 17 kompetansemeklingsprosjekt, to personmobilitetsprosjekt og ei avlagd doktorgrad.

### **OLJEVERKSEMD**

Fylkeskommunen har over fleire år arbeidd aktivt for å auke ringverknadene av den store petroleumsaktiviteten utanfor fylket. Den høge aktiviteten ved Fjord Base har halde fram i 2010. Gjøaplattformar er sett i drift og GdF Suez har overteke som operatør for feltet. Det har vore arbeidd aktivt for å skape ringverknader knytte til utbygging av oljefeltet Jordbær med BG Norge som operatør. På Lutelandet er det bygd kai og planert areal. Som ved føregåande messer tok fylkeskommunen initiativ til ein fellesstand for fylket under offshoremessa i Stavanger. Tilbakemeldingar syner at det er interesse for å gjenta opplegget.

### **FORNYBAR ENERGI**

Ved årsskiftet 2007/2008 vart det starta arbeid med ein regional plan for vindkraft og ein regional plan med tema knytte til vasskraftutbygging. Som del av arbeidet er det gjort ein omfattande landskapsanalyse på vindkraftproblematikk langs kysten av fylket. Tidspunktet for slutføring er sett til våren 2011.

Vindkraftforum Sogn og Fjordane vart skipa i oktober 2009 og har også i 2010 vore eit prosjekt under fylkeskommunen. Frå 01.01.11 er forumet formelt stifta som eiga foreining. Forumet har som føremål å sikre utbygging og drift av vindkraft på brei front i fylket. Forumet har ved utgangen av 2010 om lag 60 medlemmer frå heile fylket.

### **HAVBRUK OG FISKERI**

Det er vedteke retningslinjer for marint verdiskapingsfond i 2010.

Av totalt 2,4 mill. kr til programstyret for havbruk og fiskeri var 1 mill. kr øymerkte oppfølging av Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar (VP). Evaluering av vestlandsprogrammet syner at bransjen har kome nærare kommersialisering av nye marine artar gjennom Vestlandsprogrammet sin innsats. Dette er i samsvar med hovudmålet til programmet om at Vestlandet skal vere leiande på utvikling og kommersialisering av nye marine artar.

Andre aktivitetar havbruk og fiskeri har delteke på i 2010 er Smak av kysten II, Lusalaus, rekruttering og opplæring, og Nor-Fishing arrangementet.

### **REISELIV**

Fylkestinget vedtok Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 - 2025 8. juni 2010.

I 2010 vart det til saman brukt 6,95 mill. kr til reiseliv, der dei største løyvingane var 3,65 mill. kr til reiselivsselskapa og 1,44 mill. kr til Fjord Norge. Nytt i 2010 var at det vart skrivne avtalar med fire regionale reisemålselskap: Visit Sognefjord, Reisemål Sunnfjord, Visit Fjordkysten og Reisemål Stryn og Nordfjord. Fleire TV- og filmproduksjonar vart støtta i 2010, mellom anna "Trolljegeren" og "Oppdrag Sognefjorden".

Program opplevingsnæringar vart avslutta i 2010. Det står att å totalvurdere programmet då ikkje alle finansierte prosjekt er avslutta. Tidlege resultat, og spesielt media, framhevar Fjellsportfestivalen som bidragsytar til at fleire søker til skulane i Sogndal. Eitt av måla i programmet var meir attraktive lokalsamfunn, og slike resultat er døme på det.

### **LANDBRUK**

Fylkeskommunen fekk tilført oppgåver knytte til landbruk i høve forvaltningsreforma frå 2010. Fylkeskommunen er no ein viktigare politisk aktør i høve nasjonale politiske landbruksprosessar, og har i tillegg eit ansvar i høve rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket. Det er viktig at landbruk vert integrert godt i næringsutviklingsarbeidet og at ser landbruk i samanheng med reiselivsarbeid og utvikling av nye arbeidsplassar knytte til mat og opplevingar.

### **INTERKOMMUNAL NÆRINGSRETTA UTVIKLINGS-ORDNING - FØRDE, SOGNDAL OG FLORA (INU-FSF)**

Kommunane Førde, Sogndal og Flora har høg arbeidsgjevaravgift og får kompensert dette gjennom statsbudsjettet. Desse midlane vert forvalta av stiftinga INU-FSF som tildelte 32,6 mill. kr i regionale fellestilltak og 2 mill. kr til bedriftsretta støtte i 2010. Styret har lagt vekt på å utvikle reiseliv, tettstadutvikling og infrastruktur. Regionhamn Sunnfjord fekk 10 mill. kr i 2010, med intensjon om 10 mill. kr årleg i 2011 og 2012.

Styret har og satsa på prosjekt som skal styrke samarbeidet og legge grunnlaget for innovasjon og utvikling av nye arbeidsplassar. Det har vore viktig å ta tak i nye satsingar, spesielt innan fornybar energi, og her har styret mellom anna løyvd i overkant av 1,2 mill. kr til prosjektet "Fornybar energi, innovasjon og regional utvikling".

### **BEDRIFTSRETTA SATSING**

Det er viktig å sikre ei god samhandling mellom den tilretteleggande og den bedriftsretta satsinga. Bedriftsretta støtte på 46 mill. kr gjennom Innovasjon Noreg (IN) var den klart største enkeltposten på plan og næring sitt budsjett i 2010. Fylkeskommunen sitt budsjett var førande for det årlege bestillingsbrevet til IN. Prioriterte satsingar i 2010 var



På konferanse for Trygge Lokalsamfunn på Island. Frå venstre: Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes, fylkespolitikar Margreta Navelsaker, rådgjevar Britt Marie Norheim, folkehelsekoordinator i Fylkeskommunen Emma Bjørnsen, rådgjevar Solfrid Fossberg og folkehelsekoordinator i Høyanger Marit Nordstrand. Foto: Henning Rivedal/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

satsing på kompetanseintensive, tenesteytande næringar som eit ledd i senterutvikling, lønsemd i kulturnæringane og å få FoU på dagsorden i fleire bedrifter.

Innovasjon Noreg rapporterer om låg etterspørsel etter verkemidla i første halvår (alle midlar), men dette tok seg opp mot slutten av året. Totalforbruket låg 32% lågare enn i 2009. Det må då takast omsyn til at 2009 var eit spesielt år med finanskrisa og ekstraløyvingar til Innovasjon Noreg. Trass i nedgangen frå 2009 var 2010 eit år med stort forbruk i høve eit normalår.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer framleis å nytte Fjord Invest Såkorn AS som ein aktiv reiskap for næringsutvikling i fylket. Fylkestinget vedtok i sak 58/10 å gå inn med 11,5 mill. kr i ny kapital i såkornfondet, og oppnådde med dette å få aksjemajoritet i selskapet. Samstundes vart det lagt opp til å endre vedtektene slik at fondet får eit breiare investeringsmandat.

### FOLKEHELSEARBEID OG FRILUFTSLIV

Fylkeskommunen skal bidra til å fremje folkehelse; trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å føre-byggje sjukdom og skade. Vi skal bidra til å utjamne sosiale skilnadar innan helse. For å få dette til har fylkeskommunen prioritert arbeidet med å vere

ein pådrivar for, og samordnar av folkehelsearbeidet gjennom alliansebygging og partnerskap, og ved å støtte kommunane i deira arbeid.

Friluftsliv som nytt ansvarsområde har hatt søkelys på nettverksbygging til frivillige lag og organisasjonar. I desember 2010 vart det klart at Gjensidigestiftinga går inn med omlag 1,7 mill. kr i fylket til merking og opparbeiding av turløyper, under føresetnad av lokal/regional medfinansiering.

### BULYST

Kommunal- og regionaldepartementet si Bulyst-satsing har som føremål å leggje til rette for auka bulyst og meir attraktive lokalsamfunn. Fylkeskommunen har sett satsinga på Bulyst i samanheng med mellom anna satsing på Lokal utvikling i kommunane (LUK) og oppfølging av framlegga frå "Tenketanken". Fylkeskommunen har lagt særleg vekt på god forankring av prosjekta, at dei er nyskapande og har overføringsverdi. I 2010 vart desse tekne opp i satsinga: Vårt akademi for Kultur og Næring - VAKN (hovudprosjekt), Fjaler kommune som arena for internasjonal kunst og kultur - PreForm (forprosjekt) og TUN+ i Sogndal og Solund (forprosjekt og hovudprosjekt). Prosjekta vart finansierte i ulike kombinasjonar av lokal, regional og nasjonal tilsegn. I tillegg til desse, vart også





Prosjektgruppa for FOU-oppgdraget. Frå venstre: Bjarne Nes (Fylkesmannen), Eli Heiberg (Vestlandsforskning), Geir Lyngaas (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Merete Larsmon (Fylkesmannen), Carlo Aall (Vestlandsforskning) og Elisabeth Veivåg Helseth (Sogn og Fjordane fylkeskommune. Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune.

forprosjektet "Design Stryn" søkt direkte til Kommunal- og regionaldepartementet og teke opp i satsinga.

### KLIMA OG MILJØ

I 2010 har Sogn og Fjordane fylkeskommune halde fram med systematisk oppfølging av mål og tiltak i Fylkesdelplan for klima og miljø. Det har vore arbeid med å etablere system for oppfølging av tiltak i klimaplanen. Styringsgruppa som representerer regionale aktørar har vore viktig i dette arbeidet.

Sertifiseringsprosess for godkjenning som miljøfyrtårn vart gjennomført ved Eid og Hafstad vidaregåande skular og ved Sogn jord- og hagebruksskule.

Det vart oppretta ei tilskotsordning for miljøsertifisering av små og mellomstore bedrifter og verksemder. Tilskotsordninga skal stimulere til at fleire bedrifter/ verksemder i fylket vert miljøsertifiserte.

For å styrke kunnskapen om korleis regionale styresmakter kan bidra til å redusere utslepp av klimagassar knytte til både produksjon og forbruk, har fylkeskommunen delteke i eit FOU- oppdrag i samarbeid med Vestlands-forskning.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i 2010 deltatt

som aktiv partnar i Transnovaprojekt "Kunnskap kryssar grenser" (KXG). Prosjektet skal gjennom auka bruk av teknologi som videokonferansar, bidra til å redusere klimagassutslepp ved redusert reising. Tilskotsmidlane gjennom Lokal Agenda 21 vart i 2010 styrkt frå 0,3 mill. kr til 0,5 mill. kr som ein del av oppfølginga av fylkesdelplan for klima og miljø. Sogn og Fjordane fylkeskommune har også i 2010 vore aktiv partnar i EU- prosjektet Clim- ATIC, og saman med andre prosjektpartnerar er det utarbeidd eit klimatilpassingsverktøy som kan nyttast av lokale og regionale styresmakter i arbeidet deira med klimatilpassing.

### VASSFORVALTNING

Fylkeskommunen overtok ansvaret for vassforvaltninga etter EU sitt vassdirektiv frå 2010. Året vart nytta til å få på plass organisasjonen for arbeidet, og utarbeide planprogram for det vidare arbeidet.

### Fylkestinget handsama

- Sak 04/10: Handtering av lån gjeve til Luna Industri AS.
- Sak 25/10: Fylkesplanmelding 2010.
- Sak 31/10: Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010-2025.
- Sak 32/10: Oppretting av kriteriar for Marint verdiskapingsfond i Sogn og Fjordane.
- Sak 34/10: Forsking og utvikling 2011 - 2014.
- Sak 58/10: Aksjekapitalutviding i Fjord Invest Såkorn AS.



Då fylkesveg 53 Øvre Årdal blei stengt på grunn av rassikring i august 2010, sette fylkeskommunen to båtar i skyss på Årdalsvatnet. Her blir M/S Solundøy, ein 51 fot (drygt 15 meter) lang båt med plass til 48 passasjerar, heist over på lastebilen som skal frakte den frå fjorden til vatnet. Foto: Ole Ingar Hagen Hæreid/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

# Samferdsle

## Rammevilkår

Samferdsla sitt driftsbudsjett var på 922,2 mill. kr i 2010 og femna om 615,2 mill. kr til fylkesvegar, 303,7 mill. kr til kollektivtrafikk og 3,249 mill. kr til dekking av NOx-avgift. Til samanlikning hadde samferdsla eit budsjett på 431,2 mill. kr i 2009. Den store auken i budsjettet frå 2009 til 2010 skuldast forvaltningsreforma som overførte ansvaret for 1132 km av det øvrige riksvegnettet frå staten til fylkeskommunen.

## FYLKESVEG

### SAMS VEGADMINISTRASJON

Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen. Staten stiller til rådvelde sams vegadministrasjon for riks- og fylkesvegar i Noreg.

2010 er første året med forvaltningsreforma, der ordninga med sams vegadministrasjon skal handtere eit utvida fylkesvegnett. Fylkeskommunen og Statens vegvesen undertekna ein ramme- og leveranseavtale 4. januar 2010. Avtalane avklarar arbeidsdelinga og rammene for samarbeidet og dei har fungert godt. Det har gjeve god oppfølging av både det nye og gamle fylkesvegnettet. Soleis må forvaltningsreforma seiest å ha bidrege til betre styring av fylkesvegsektoren.

Den løpande styringa skjer gjennom den årlege leveranseavtalen og oppfølging og rapportering følgjer av den. Leveranseavtalen spesifiserer partane sine plikter kring leveransar og økonomiske tilhøve for det enkelte år. Leveranseavtalen skal sikre at oppfølging av budsjettføresetnadane skjer innanfor fastlagde rammer i forhold til kostnad, framdrift og kvalitet.

Samarbeidet med Statens vegvesen gjennom sams vegadministrasjon har fungert godt. Saman med Statens vegvesen er det innført ei ordning med samarbeidsmøte med kommunane i fylket. I 2010 vart det gjennomført samarbeidsmøte med kommunane Solund, Gaular, Førde Eid, Florø og Hornindal.

| Tabell S1<br>i millionar 2010-kroner | Budsjett<br>2010 | Rekneskap<br>2010  |
|--------------------------------------|------------------|--------------------|
| Drift- og vedlikehald (netto)        | 255,6            | 225,6 <sup>1</sup> |
| FTU-arbeid om tiltak                 | 5,2              | 3,8 <sup>2</sup>   |
| Fylkesvegferjer                      | 126,7            | 121,0              |
| Tilskott til private vegar           | 0,5              | 0,5                |
| Driftsmidlar til investering         | 227,2            | 101,2 <sup>3</sup> |
| Sum                                  | 615,2            | 452,1              |

1) 30 mill. kr er avsett til disposisjonsfond.

2) 0,8 mill. kr er avsett til disposisjonsfond.

3) 126,1 mill. kr er avsett til disposisjonsfond.

| Tabell S2<br>i millionar 2010-kroner | Budsjett<br>2010 | Rekneskap<br>2010 |
|--------------------------------------|------------------|-------------------|
| Investering                          | 652,7            | 543,0             |

## Vurdering - Måloppnåing og ressursbruk

### HANDLINGSPROGRAM FOR FYLKESVEGNETTET

Handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010 - 13 er utgangspunktet for all aktivitet knytt til fylkesveg, både når det gjeld drift-, vedlikehald- og investeringstiltak. Handlingsprogrammet har som målsetting å fullføre investeringsprosjekta på Bremangersambandet og Dalsfjordsambandet innan 2013. I tillegg er det ei målsetting å stoppe etterslepet på fylkesvegnettet i planperioden. Med dei løyvingane til drift- og vedlikehald som ligg i budsjett og økonomiplan, vil vi stoppe forfallet, og i enkelte tilfelle ta igjen noko av forfallet i planperioden.

### DRIFT- OG VEDLIKEHALD

I budsjettet for 2010 var det sett av 255,6 mill. kr til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Rekneskapen viser eit mindreforbruk på 30,0 mill. kr som er avsett til disposisjonsfond. Mindreforbruket skuldast forseinka oppstart mellom anna på grunn av ein tidleg vinter, redusert behov på vedlikehald av bruer og ferjekaiar samt



Opning av fylkesveg 4 Sløvåg-Ånneland 4. november 2010. Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

avvikande anbud på grunn av manglande konkurranse. 7. oktober 2010 gjorde ei flaumstor elv stor skade på veg og bruer på fv. 333 i Mørkridsdalen i Luster. Utbetningsarbeidet er kostnadsrekna til 13 mill. kr. Den 20. november rasa om lag 25 meter av fv 391 ved Skorane mellom Bygstad og Laukeland ut i fjorden. Utbetningsarbeidet er kostnadsrekna til om lag 40 mill. kr for ei permanent løysing.

#### **FYLKESVEGFERJER**

Det var eit mindreforbruk på om lag 5,7 mill.kr på fylkesvegferjedrifta i 2010. Det er 7 fylkesvegferjesamband som er knytte opp mot kontraktar etter konkurranseutsetting. Alle sambanda oppfyller standardkrava i Nasjonal transportplan 2006 - 2015.

#### **FYLKESTRAFIKKTRYGGINGSUTVALET/ TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK**

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 5,2 mill. kr til disposisjon i 2010. Av disponibel ramme er det brukt 3,8 mill. kr. FTU hadde såleis eit mindreforbruk på 1,4 mill. kr.

Det har vore søkelys på "Aksjon skuleveg" og refleksprosjektet "Livreddande vinterkolleksjon". Det var brukt omlag 0,7 mill. kr til trafikktryggingsaktivitetar som er tildelt lag, skular og organisasjonar.

#### **Større vegansvar**

1. januar 2010 overtok fylkeskommunen ansvaret for 1132 km av det øvrige riksvegnettet i Sogn og Fjordane frå Statens vegvesen. Fylkeskommunen er etter dette den største vegeigaren i Sogn og Fjordane og eig no 2575 km med fylkesveg (79% av det offentlege vegnettet i fylket).

Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2010 - 2013 vart vedteken av Fylkestinget 8. juni 2010. Trafikktryggingsprisen for 2010 vart tildelt Statkraft Energi AS, Region Midt Norge.

#### **INVESTERINGAR (INKLUDERT RASSIKRING)**

Samla ramme til investering var 652,7 mill. kr. Dette inkluderer 57,5 mill. kr i overførte midlar frå 2009.

Samla var det eit mindreforbruk på 126,1 mill. kr som er avsett på disposisjonsfond. I denne summen ligg 8,7 mill. kr i meirinntekt frå refusjon av meirverdiavgift og 7,5 mill. kr meir i inntekt frå forskottering frå Luster kommune knytt til fv. 55 Gullringen.

På investeringsprosjekta var soleis mindreforbruket omlag 109,7 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at budsjettet på fv.







Fylkesveg 243 Lærdal - Aurland; ein av vegande fylkeskommune tok over. Foto: Ole Ingar Hagen Hæreid/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

60 Olden - Innvik og fv. 611 Naustdal kai - Sæle var høgare enn den framdrifta som var føresett i prosjekta. I tillegg fekk ein mellom anna mindreforbruk på fv. 13 Rørvikfjellet og fv. 742 Olden sentrum på grunn av seinare framdrift.

### **STORE PROSJEKT**

#### *Dalsfjordsambandet*

Den første av totalt tre entreprisar på Dalsfjordsambandet vart tildelt i 2010 og inkluderer bygging av 5,2 km veg i dagen og til saman 4,2 km tunnel på begge sider av Dalsfjorden inklusiv rassikring av Nishammaren. Dalsfjordsambandet skal etter planen stå ferdig seint på hausten 2013.

#### *Bremangersambandet 2*

I 2010 utlyste og tildelte Statens vegvesen kontrakten for bygginga av tunnelanlegget medrekna utbetring av nokre krappe svingar på vegen i retning Leirgulen. Heile veganlegget skal etter planen ferdigstillast våren 2013. Kostnadsoverslaget vart justert ned frå 685 mill. kr til 525 mill. kr.

#### *Olden - Innvik*

I 2010 vart omlag 500 m av vegstrekninga mellom Agjeld og Ugla utbeta. Hausten 2010 var det oppstart av Holentunnelen samt utbetring av om lag 1,3 km veg i dagen. Heile arbeidet skal vere ferdig sommaren 2011.

### **PLANPROGRAM**

I 2010 vedtok hovudutval for samferdsle oppstart av følgjande planarbeid: Olden - Innvik (Ugla - Skastein), Bjødnabakken, Buskredene, Lindeskreda, Kabelferje Hisarøy og Algøya.

### **VEGOPNINGAR**

I 2010 opna fylkeskommunen følgjande ferdigstilte prosjekt på fylkesvegnettet: Fv 55 Gullringen, Fv 55 Gang- og sykkelveg Håland - Austrheim og Ljotebø - Tronvik, Høyanger og Fv 4 Sløvåg - Ånneland, Gulen kommune.

### **KOLLEKTIVTRAFIKK**

#### **Vurdering - måloppnåing og ressursbruk**

Bussruter i det fylkeskommunale tenestekjøpet hadde 1 602 568 passasjerar i 2010. Det er ein auke på 37 568 reisande i høve 2009. Passasjertalet syner vanleg reisande utanom skuleelevar. Snøggbåtrutene mellom fylket og Bergen hadde 312 403 passasjerar i 2010, noko som er ein auke på 2,69 % i høve 2009.

Bruken av ungdomskort gjekk ned med 0,7 % i forhold til året før. Med unntak av juli og august, vart det i 2010 i snitt selt 1 140 oblatar til ungdomskort per måned. I 2010 er prisen på ungdomskort på 350 kr.



Brandagersundbrua, ein del av fv. 4 Sløvåg-Ånneland, blir her frakta mot sundet mellom Fivelstad og Sandøy der ho blei montert. Hovudspennet til brua som er ei nettverksbogebru på 220m, blei bygd i Sløvåg. Foto: Aril Hanekamhaug/Statens vegvesen.

Det var 47 tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar i 2010, som er ein nedgang frå året før. Den relative delen av tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar var 27 % i 2010. Kommunane Hornindal, Aurland, Jølster og Hyllestad har ikkje tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar. Det vart løyvd totalt 5 mill. kr til tilrettelagt transport i 2010. I 2010 er det sørvissskyss i kommunane Leikanger, Balestrand, Fjaler og Gaular, Fokusprosjektet i Førde, Askvoll, Hyllestad, Naustdal, Gulen, Luster, Vågsøy, Flora, Solund og Sogndal. Det vart i 2010 brukt til saman 2,709 mill. kr til sørvissskyss. Fylkeskommunen løyvde 1,3 mill. kr for 2010, i tillegg har samferdselsdepartementet løyvd midlar på 1,5 mill. kr til prøveprosjekt med samordninga av bestillingsruter og tilrettelagt transport.

Frå 1. mai 2008 har 1881 i Lærdal drifta ruteopplysnings-telefonen 177. I 2010 var det 53 380 anrop i opningstida, der 46 431 eller 87 % vart svarde på mot 90 % i 2009.

### REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR

Det vart gitt eit tilskot på 300 000 kr til Firda Billag for å oppretthalde bussruta Byrkjelo-Sandane-Nordfjordeid-Stryn-Førde. Flora skyssbåt AS fornya ruteløyvet på strekninga Florø - Kinn - Skorpa.

Fylkeskommunen ytte eit tilskot til båtruta Aurland - Sogndal på 709 000 kr i 2010, tilsvarande kostnaden med skulebuss frå Flåm til Sogndal.

Det vart oppretta båtrute frå Atløy til Askvoll i korrespondanse med buss til Dale vidaregåande skule. For denne tenesta ytte fylkeskommunen 140 000 kr i tilskot i 2010.

### ØKONOMI

Budsjettet til kollektivtransport var 303,701 mill. kr. I tillegg var det sett av 3,249 mill. kr til dekking av NOx-avgift. Innan kollektivtrafikken går vel 278,2 mill. kr til buss- og båtruter medrekna skuleskyss. Andre tiltak i budsjettet til kollektivtrafikk er mellom anna ungdomskort, Trygt heim for ein 50-lapp, lokale transporttilbod for ungdom, passasjerterminalar, tilrettelagt transport og godsruiter med bil og båt.

### UNIVERSELL UTFORMING

Fylkeskommunen fekk etter søknad tilsegn om 1,5 mill. kr i BRA-midlar frå samferdsledepartementet til universell utforming av rutebilstasjonen i Stryn. Fylkeskommunen løyvde 375 000 kr i eigenfinansiering til nemnde prosjekt. BRA står for betre infrastruktur, rullande materiell og aktiv logistikkforbetring.

Fylkeskommunen fekk etter søknad tilsegn om kr 950 000





Sognekongen ved kaien i Balestrand. Foto: Ole Ingar Hagen Hæreid/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

til prosjektet vidareutvikling av "Trygt heim for ein 50-lapp" og 750 000 kr til prosjektet treningsruter for barn og unge. Fylkeskommunen løyvde 950 000 kr i eigenfinansiering til vidareutvikling av "Trygt heim". Treningsruta til barn og ungdom vert eigenfinansiert i 2011.

### Effektiviseringstiltak

Den nye fleirårige avtalen fylkeskommunen har med rutebilselskapa skal gje eit tilbod etter dagens nivå, og effektivisere, utvikle, marknadsføre og selje reisetilbodet.

Fylkestinget definerte 2010 nivået på det fylkeskommunale rutetilbodet med båt uavhengig av bustadkommune. I tillegg til lovpålagt skuleskyss vert tilbodet fastsett ut frå tal fastbuande langs kvar båtrote. I løpet av 2010 har fylkeskommunen gjennomført 3 anbud på båt med planlagt oppstart 01.05.2012. Hurtigbåtkontrakten vart vunen av Tide ASA medan Fjord1 Fylkesbaatane AS vann begge lokalbåtkontraktane.

### Fylkestinget handsama

- Firda Billag IKS vart omdanna til Firda Billag AS
- Eit fylkeskommunalt minstetilbod på rutebåt vart definert.
- Rassikring på fv 53 Øvre Årdal - Årdalstangen ved Midnestunnelen sør vart utført.
- Rassikring av Nishammaren vart fullfinansiert.

### Store utbyggingsprosjekt

Den første av totalt tre entrepriser på Dalsfjordsambandet vart tildelt i 2010 medrekna rassikring av Nishammaren. Dalsfjordsambandet skal etter planen stå ferdig seint på hausten 2013.

Kontrakt for bygging av tunnelanlegget på Bremangersambandet 2 vart tildelt i 2010. Heile anlegget skal etter planen ferdigstillast våren 2013. Kostnadsoverslaget er justert ned frå 685 mill. kr til 525 mill. kr

Utbetring av omlag 500 m av vegstrekninga mellom Agjeld og Ugla utbetra på Fv. 60 Olden - Innvik. Oppstart av Holentunnelen samt utbetring av om lag 1,3 km veg i dagen hausten 2010 Heile arbeidet skal vera ferdig sommaren 2011.

Dalsfjordsambandet vart lagt ut på anbud.

- Godkjent fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging.
- Strategisk samferdsleplan vart godkjent.
- Nye retningslinjer for forskottering på fylkesveg er innført.
- Tunnel gjennom Skorane vart vald som varig løysing for fv. 391 Bygstad - Laukeland.



Trappeløpet er ein årleg hending i Høyanger som går frå Fjord til Fjell på 1268 trappetrinn. Høyanger tannklinikk var i 2010 med for 2. gong og delte ute flasker med friskt vatn rett frå springen. Foto: Hildegunn Norevik Løland/Sogn og Fjordane fylkeskommune

# Den offentlege tannhelsetenesta

## Vurdering - måloppnåing og ressursbruk

Tannhelsetenesta hadde i 2010 eiga driftsavtale der det er definert tal for måloppnåing. Tannhelsetenesta har ansvar for barn og unge 0-18 år (gr A), psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon (gr B), grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon (gr C1) og heimesjukepleie (gr C2) og ungdom 19-20 år (gr D). For 2010 var totalt 29 776 personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn. Dette utgjer 93,9% av totalt tal i desse gruppene, og er høgare enn i 2009 som hadde ein dekningsprosent på 91,9%. Resultata ligg over måltala sett i driftsavtalen som samla for dette klientellet er 86% under tilsyn.

Det vert kvart år registrert tannhelsesdata på nøkkelårskull, 5-, 12- og 18-åringar. Resultata for 2010 syner endå ein gang at born og unge (0-18 år) i Sogn og Fjordane er i landstoppen når det gjeld tannhelse. Blant 5 åringane var heile 84,8% utal hol i mjølketennene og dette er ei lita betring i høve 2009. For 12 åringane syner resultata ei betring frå i snitt 1,2 hol pr individ i 2009 til 1,0 hol i 2010. 18 åringane har også ei betring frå 4,2 hol i snitt per individ i 2009 til 4,1 hol i 2010.

Takstane for behandling av betalande pasientar i den offentlege tannhelsetenesta vart auka med 5% frå 1. mai 2010.

Den offentlege tannhelsetenesta utførde til saman 104,6 årsverk i 2010. Av desse var 34,4 tannlegeårsverk, 14,3 tannpleiarårsverk. Det er utført fleire tannlegeårsverk og færre tannpleiarårsverk enn i 2009. Pr 31.12.2010 var 2 overtannlegestillingar og 4 tannlegestillingar ledige.

Den offentlege tannhelsetenesta hadde 40 897 pasientar under tilsyn i 2010. Dette utgjer om lag 38 % av befolkninga totalt i fylket og er om lag på same nivå som i 2009.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har inngått avtale med reguleringstannlege under utdanning. Det sikrar at fylket også frå 2013 har reguleringstannlege med kontorstad i Førde. Det er også inngått avtale med to reguleringstannlegar som leiger kontor ved Lærdal Tannklinik.

## Tannhelse i Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane er det 31 tannklinikkar, av desse er 3 ambuleringsklinikkar.

Klinikkane er fordelt på fire tannhersedistrikt: Indre Sogn, Ytre Søre, Indre Fjordane og Ytre Fjordane.

## Likestilling, likeverd og mangfald

Tannhelsetenesta kom seint i gang med eigen handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald i 2010. Arbeidet har ikkje kome så langt at eventuelle resultat kan evaluerast endå. Planen byggjer i stor grad på fylkeskommunen sin overordna handlingsplan. Det er utarbeidd tiltak i høve mangfald, universell utforming, reduksjon av uønska deltid og tiltak i høve tannhelsetenesta si rolle som teneste og utviklingsaktør. Handlingsplanen legg opp til ei framdrift som gjer at tenesta i løpet av 2011 skal kunne vurdere dei lokale tiltaka opp mot fylkeskommunen sine mål for dette arbeidet.

## Fylkestinget handsama

- Sak 06/10: Ny strategiplan.
- Sak 60/10: Fylkestinget handsama etablering av regionalt tannhelsekompetansesenter i region Vest, TK Vest. Dette er eit samarbeid med Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. TK Vest skal mellom anna drive forskning og spesialistutdanning, og ønsket er å få etablert ei avdeling i Sogn og Fjordane.
- Sak 62/10: Fylkestinget har vedteke å fjerne ordninga med at pensjonistar over 67 år har hatt 30 minuttar hjå tannlege eller 45 minuttar hjå tannpleiar gratis.
- Sak 61/10: I denne saka vedtok fylkestinget nye reglar for dekking av reiseutgifter for deler av det prioriterte klientellet til tannhelsetenesta.



Nye Sogndal vidaregåande skule på Fosshaugane Campus, byggetrinn I. Slik såg byggeplassen ut 19. februar 2010.



Før byggjstart, med grusbana midt i bilete. (desember 2008).



Desember 2010. Alle foto på sida: Jostein Heggstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

# Vedlegg - målekart

|                                 |      |
|---------------------------------|------|
| Opplæring                       | s.48 |
| Kultur                          | s.53 |
| Plan og næring                  | s.57 |
| Samferdsle                      | s.59 |
| Den offentlege tannhelsetenesta | s.61 |

# Målekart - opplæring

Resultat sett i høve til vedteke målekart for 2010.

## STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: TENESTEPRODUKSJON/BRUKARPERSPEKTIVET

### T1 Samarbeid om opplæringstilbodet i regionen

#### T1-1: Måleindikator: Opplevd nytte av samarbeidet mellom skulane i regionen

| Resultat 2009 | Ambisjonsnivå 2010                        | Resultat 2010 |
|---------------|---|---------------|
| 3,8           | Gjennomsnitt i regionane >4,5 (skala 1-6) | 3,6           |

#### T1-2 Måleindikator: Tilbod om fjernundervisning

| Resultat 2009                           | Ambisjonsnivå 2010     | Resultat 2010                           |
|---|------------------------|---|
| 6 av 14 skular tilbyr fjernundervisning | Tal tilbod >1 pr skule | 7 av 14 skular tilbyr fjernundervisning |

### T2 Læringsmiljø (Det vart ikkje gjennomført lærlingundersøking i 2010)

#### T2-1 Måleindikator: Tilpassa opplæring

| Resultat 2009  | Ambisjonsnivå 2010           | Resultat 2010   |
|--|------------------------------|---|
| "77% av elevane som har svara oppgir at dei i alle/dei fleste/mange fag får nok utfordringar på skulen. 68,3% av elevane som har svara oppgir at dei i alle/dei fleste/mange fag får støtte og hjelp frå læraren når dei treng det. 60,8 % av elevane som har svara oppgir at dei i alle/dei fleste/mange fag synest at opplæringa er tilpassa sitt nivå." | Like bra eller betre enn 3,3 | I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,4 (skala 1-5) |

#### T2-2 Måleindikator: Trivsel

| Resultat 2009  | Ambisjonsnivå 2010           | Resultat 2010   |
|--|------------------------------|---|
| 86,1% av elevane som har svara oppgir at dei trivst svært godt eller godt på skulen. | Like bra eller betre enn 3,3 | I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 4,1 (skala 1-5) |

#### T2-3 Måleindikator: Læring

| Resultat 2009  | Ambisjonsnivå 2010           | Resultat 2010   |
|--|------------------------------|---|
| Elevundersøkinga for 2009 måler ikkje læringsutvikling slik det var føresett i vedteke målekart. Viser til måling av "læring" i elevundersøkinga (Utdanningsdirektoratet). | Like bra eller betre enn 3,3 | I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,6 (skala frå 1-5) |

#### T2-4 Måleindikator: Hybelbuarar på Vg1

| Resultat 2009   | Ambisjonsnivå 2010                      | Resultat 2010   |
|---|---|---|
| Skuleåret 2009/2010 fekk 87% av søkjarane (Vg1) inntak på første ønsket sitt. | Færrest mogeleg ufrivillige hybelbuarar | Skuleåret 2010/2011 fekk 86,6 % av elevane på Vg1 inntak på første ønsket sitt. |



### T3 Læringsutbytte

#### T3-1 Måleindikator: Karakternivå

| Resultat 2009  | Ambisjonsnivå 2010    | Resultat 2010   |
|--|-----------------------|---|
| Karakternivået for Sogn og Fjordane ligg på eller over landsgjennomsnittet i samtlige fellesfag og programfag, bortsett frå engelsk yrkesfag | > Landsgjennomsnittet | Fylket ligg over landsgj.snittet i programfaga og har høgst snitt i 16 av 34 fag med sentralt gitt eksamen. |

#### T3-2 Måleindikator: Standpunkt karakter og eksamensresultat

| Resultat 2009                                   | Ambisjonsnivå 2010                  | Resultat 2010  |
|---|-------------------------------------|--|
| T3-2 var ikkje med i vedteke målekart for 2009. | > Betre samsvar mellom resultatata. | Resultat for 2010: I 2010 var avviket mellom standpunkt- og eksamenskaraktarar det minste det har vore i perioden 2004-2010. |

### T4 Yrkes- og studierettleiing

#### T4-1 Måleindikator: Fråfall grunna feilval

| Resultat 2009                               | Ambisjonsnivå 2010   | Resultat 2010                               |
|---|--|---|
| 2008/2009: 19 elevar (15,5 % av sluttarane) | Redusere del elevar som oppgir feilval som årsak til avbrot. | 2009/2010: 20 elevar (16,9 % av sluttarane) |

#### T4-2 Måleindikator: Opplevd kvalitet på rettleiinga

| Resultat 2009   | Ambisjonsnivå 2010           | Resultat 2010   |
|---|------------------------------|---|
| 46,2% av elevane som har svara er svært nøgde eller nøgde med informasjonen dei har fått om ulike utdannings- og yrkesval. 21,3% synest at samtalan med rådgjevar i svært stor grad eller i stor grad har vore nyttige. | Like bra eller betre enn 3,3 | I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,5 (skala frå 1-5) |

#### T4-3 Måleindikator: Gjennomføring

| Resultat 2009  | Ambisjonsnivå 2010                                     | Resultat 2010   |
|--|--|---|
| Av dei som starta GK i 2003 fullførte 60% på normert tid | Innan 2012 skal 80% fullføre opplæringa på normert tid | Av dei som starta GK i 2004 gjennomførte om lag 60% på normert tid. |

### T5 Elev- og lærlingmedverknad (Det vart ikkje gjennomført lærlingundersøking i 2010)

#### T5-1 Måleindikator: Elev- og lærlingrepresentasjon i råd og utval

| Resultat 2009                 | Ambisjonsnivå 2010           | Resultat 2010   |
|-------------------------------|------------------------------|---|
| I samsvar med ambisjonsnivået | Like bra eller betre enn 3,3 | I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,9 (skala frå 1-5) |

#### T5-2 Måleindikator: Elev- og lærlingmedverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæring

| Resultat 2009  | Ambisjonsnivå 2010           | Resultat 2010                                       |
|--|------------------------------|---|
| 17,7% av elevane som har svara på undersøkinga svarar at dei i dei aller fleste eller i mange fag er med på planlegging av opplæringa. 38,8% svarar at dei i svært stor grad eller i stor grad opplever elevdemokrati. | Like bra eller betre enn 3,3 | Under ambisjonsnivå. Snittverdi 2,6 (skala frå 1-5) |

## STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR

### R1 Opplæringstilbudet er sett i sammenheng med offentlig og privat verksemd sine behov

#### R1-1 Måleindikator: Samsvar mellom tilgangen til læreplassar og tal lærlingar

| Resultat 2009                                   | Ambisjonsnivå 2010               | Resultat 2010                                   |
|---|----------------------------------|---|
| Pr 01.11.09 var 102 søkjarar (21%) utan tilbod. | Større samsvar i 2010 enn i 2009 | Pr 01.11.10 var 95 søkjarar (20 %) utan tilbod. |

### R2 Systematisk og forpliktande samarbeid mellom vidaregåande skule og arbeidsliv

#### R2-1 Måleindikator: Partnerskapsavtalar

| Resultat 2009 | Ambisjonsnivå 2010                              | Resultat 2010 |
|---------------|---|---------------|
| 4,9           | Opplevd nytteverdi for skulane >4,5 (skala 1-6) | 4,5           |

### R3 Skulane er lokale/regionale ressursentra og pådrivarar i samhandlinga med lokalsamfunn og næringsliv

#### R3-1 Måleindikator: Lokalt næringsliv nyttar skulane i si kompetanseheving

| Resultat 2009   | Ambisjonsnivå 2010                                   | Resultat 2010   |
|---|--|---|
| 5 av 14 skular har gjennomført minst 10 kurs, dvs 35% | Halvparten av skulane skal gjennomføre minst 10 kurs | 4 av 14 skular har gjennomført minst 10 kurs, dvs 29% |

#### R3-2 Måleindikator: Tilbod om fjernundervisning til lokalt næringsliv

| Resultat 2009                                 | Ambisjonsnivå 2010  | Resultat 2010                                     |
|---|---|---|
| 3% av kursa vert gjevne som fjernundervisning | Tal kurs gjevne som fjernundervisning utgjør 20% av totalen | 2,5 % av kursa vert gjevne som fjernundervisning. |

### R4 Vidaregåande skular har høg utviklings- og omstillingskompetanse

#### R4-1 Måleindikator: Skulen som medspelar i regionalt utviklingsarbeid

| Resultat 2009 | Ambisjonsnivå 2010                  | Resultat 2010 |
|---------------|-------------------------------------|---------------|
| 4,8           | Eigenvurdering $\geq 5$ (skala 1-6) | 4,5           |

## STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: RAMMEVILKÅR/ØKONOMI

### Ø1 Samsvar mellom mål og rammer

#### Ø1-1 Måleindikator: Avvik i høve budsjett

| Resultat 2009   | Ambisjonsnivå 2010                         | Resultat 2010   |
|---|--|---|
| 6 skular har avvik større enn +/- 2%<br>7 skular har avvik mindre enn +/- 2%<br>Opplæringssektoren samla har avvik -1,2 % | Budsjettbalanse, akseptabelt avvik +/- <2% | 4 skular har avvik større enn +/- 2%<br>9 skular har avvik mindre enn +/- 2%<br>Opplæringssektoren samla har avvik -0,9 % |

### Ø2 Økonomistyring

#### Ø2-1 Måleindikator: Avvik mellom årsprognosar og årsrekneskap

| Resultat 2009   | Ambisjonsnivå 2010 | Resultat 2010   |
|---|--------------------|---|
| 8 skular melder om godt samsvar mellom årsprognosar og årsrekneskap.<br>5 skular melder om mindre godt samsvar. | Godt samsvar       | 8 skular melder om godt samsvar mellom årsprognosar og årsrekneskap.<br>5 skular melder om mindre godt samsvar. |

### Ø3 Ressursbruk i tenesteproduksjonen

#### Ø3-1 Måleindikator: Samla kostnad pr elev

| Resultat 2009   | Ambisjonsnivå 2010  | Resultat 2010  |
|---|---|--|
| Måleindikatoren var ikkje med i vedteke målekart for 2009 | Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet | Auka kostnadsnivå eige fylke 9,2 %.<br>Auke for landet i snitt 6,9 % |

#### Ø3-2 Måleindikator: Kostnad pr elev på tenesteområdet lokale, forvaltning (adm m.m.) og skyss

| Resultat 2009  | Ambisjonsnivå 2010  | Resultat 2010  |
|--|---|--|
| Auka kostnadsnivå eige fylke 0,4%.<br>Auke for landet i snitt 1,8% | Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet | Auka kostnadsnivå eige fylke 8,1 %.<br>Auke for landet i snitt 7,0 % |

#### Ø3-3 Måleindikator: Kostnad pr elev på tenesteområdet pedagogisk leing, fellesutgifter vidaregåande skular og gjesteelevar

| Resultat 2009   | Ambisjonsnivå 2010  | Resultat 2010   |
|---|---|---|
| Auka kostn.nivå eige fylke 10,9%.<br>Auke for landet i snitt 7,6% | Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet | Auka kostnadsnivå eige fylke 15,5 %.<br>Auke for landet i snitt 5,8 % |

#### Ø3-4 Måleindikator: Kostnad pr elev til spesialundervisning og tilpassa opplæring

| Resultat 2009  | Ambisjonsnivå 2010  | Resultat 2010   |
|--|---|---|
| Redusert kostnadsnivå eige fylke 3,7%.<br>Auke for landet i snitt 7,7% | Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet | Auka kostnadsnivå eige fylke 2,3 %.<br>Auke for landet i snitt 10,9 % |

#### Ø3-5 Måleindikator: Kostnad pr elev til basis opplæringsverksemd studieførebuande utdanningsprogram

| Resultat 2009  | Ambisjonsnivå 2010  | Resultat 2010  |
|--|---|--|
| Redusert kostnadsnivå eige fylke 1,6%.<br>Auke for landet i snitt 6% | Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet | Auka kostnadsnivå eige fylke 8,7 %.<br>Auke for landet i snitt 7,8 % |

#### Ø3-6 Måleindikator: Kostnad pr elev til basis oppæringsverksemd yrkesfaglege utdanningsprogram

| Resultat 2009  | Ambisjonsnivå 2010  | Resultat 2010   |
|--|---|---|
| Auka kostnadsnivå eige fylke 1,8%.<br>Auke for landet i snitt 1,5% | Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet | Auka kostnadsnivå eige fylke 12,0 %.<br>Auke for landet i snitt 5,5 % |

### STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: KOMPETANSE/PERSONALUTVIKLING/LÆRING

#### K5 Fokus på fysisk og psykisk arbeidsmiljø

##### K5-1 Måleindikator: Sjukefråvær

| Resultat 2009 | Ambisjonsnivå 2010 | Resultat 2010 |
|---------------|--------------------|---------------|
| 5 %           | Maksimum 5%        | 4,2 %         |

### STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: KVALITET OG EFFEKTIVITET I INTERNE PROSESSAR

Det vart ikkje gjennomført brukar-/medarbeidarundersøking i 2010. Det er difor ikkje grunnlag for å rapportere på dette kritiske fokusområdet.

#### TEMAOMRÅDE FOR TILSTANDSRAPPORTEN 2010 SOM IKKJE VERT DEKKA AV MÅLEKARTET

Gjeld rapportering på dei områda av tilstandsrapporten som ikkje vert dekkja av målekartet

| Rapporteringsområde   | Resultat                                       | Resultat                                       |
|---|--|--|
| Spesialundervisning   | Skuleåret 08/09                                | Skuleåret 09/10                                |
| 1 Tal elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning  | 310  | 341  |
| 2 Tal elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning som har slutta/avbrote opplæringa        | 29   | 22   |
| Vaksne  | 2009   | 2010   |
| 1 Tal vaksne som har fått eit tilbod etter opplæringslova kap 4A                              | 285  | Spørsmålet ikkje med i rapporteringa for 2010. |
| 2 a Kor mange vaksne er registrerte som søkarar til vidaregåande opplæring?                   | Spørsmålet ikkje med i rapporteringa for 2009. | 377  |
| 2 b Kor mange av desse er realkompetansevurderte?   | "  | 144  |
| 3 Kor mange av søkarane (jf punkt 1) har vaksenrett etter §4A-3 i Opplæringslova?             | "  | 146  |
| 4 a Kor mange vaksne med vaksenrett har fått tilbod om opplæring?                             | "  | 238  |
| 4 b Kor mange vaksne utan vaksenrett har fått tilbod om opplæring?                            | "  | 221  |
| 5 Har skulane gjennomført opplæring(kurs) for vaksne som er avslutta dette året?              | "  | 14   |
| 6 Har skulane gjennomført evaluering av læringsmiljøet for opplæringstilbod rette mot vaksne? | "  | Gjennomført ved 4 skular                       |

# Målekart - kultur

Resultat sett i høve til vedteke målekart for 2010.

## STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: TENESTEPRODUKSJON/BRUKARPERSPEKTIVET

### T1 Kultursektoren gir god informasjon til brukarane

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2010.

T1-1 Måleindikator: Kommunar, organisasjonar, institusjonar har god kjennskap til kultursektoren sine tenester.

T1-1-1 Ambisjonsnivå: Spørjeskjema - med resultat >5 på skala 1-6.

### T2 Kultursektoren har gode rutinar/arenaer for brukarmedverknad

Gjennomført.

T2-1 Måleindikator: Kommunar, organisasjonar, institusjonar opplever å kunne påverke innhaldet og kvaliteten i kultursektoren sine tenester.

T2-1-1 Ambisjonsnivå: Årlege dialogmøte med fylkesdekkande organisasjonar.

### T3 Kultursektoren yter gode tenester innan kulturformidling

T3-1 **Måleindikator: Oppslutning om nettbasert kulturformidling.**

52095 treff på [www.sfj.kulturnett.no](http://www.sfj.kulturnett.no)

7137 treff på [www.skulestova.no](http://www.skulestova.no)

217218 treff på [www.geoatlas.no](http://www.geoatlas.no)

T3-1-1 Ambisjonsnivå: Meir enn 10 000 treff på nettsidene/år.

T3-2 **Måleindikator: Oppslutning om tilboda gjennom Den kulturelle skulesekken.**

Gjennomført.

T3-2-1 Ambisjonsnivå: 100% av klassane i grunnskulen gjennomfører DKS tilbod/år.

### T4 Kultursektoren stimulerer til etablering innan kultur næringer

Det er ikkje gjort eigne målingar i 2010.

T4-1 Måleindikator: Auke tal på sysselsette innan kultur næringer

T4-1-1 Ambisjonsnivå: >25 nye stillingar innan kultur næringer/år

### T5 Etablere/drifte faglege råd/nettverk

Tiltaket er ikkje sett i verk i 2010.

T5-1 Måleindikator: Etablere fagråd innan prioriterte område

T5-1-1 Ambisjonsnivå: Etablere fagråd for kunstnarar og kulturarbeidarar

### T6 Fylkeskommunen skal vere eit eksempel for andre i å bruke eigne byggeprosjekt til å fremje ei positiv tettstadsutvikling

T6-1 Måleindikator: Arkitektur, kunstnarleg utsmykking og tilgjenge i eigne byggeprosjekt

T6-1-1 **Ambisjonsnivå: Alle eigne byggeprosjekt skal ha plan for arkitektonisk utforming, kunstnarleg utsmykking og tilgjenge.**

Arkitektkonkurranse vert nytta ved større byggjeprosjekt. 0,5 % av byggjekostnadane vert sett av til kunstnarleg utsmykking..

### T7 Elevar treng læremateriell på eiga språkform

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010.

T7-1 Måleindikator: Sikre utvikling av gode nynorske lærebøker i alle fag i skuleverket

T7-1-1 Ambisjonsnivå: Nynorske lærebøker skal vere tilgjengeleg i alle fag ved skulestart

## **T8 Gode tilrettelagte område for friluftsliv og oppleving av kultur i sitt nærområde**

Satsinga er overført avdeling for Plan og Samfunn.

T8-1 Måleindikator: Bidra til at det er lokale organisasjonar som tilrettelegg for friluftsliv og løypenett der folk bur.

T8-1-1 Ambisjonsnivå: Bidra til etablering av to friluftsråd i fylket

## **STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR**

### **R1 Kultursektoren tek rolla som regional utviklingsaktør innan kulturlivet gjennom samspel, nettverk og partnerskap.**

Det er ikkje gjort målingar som kan stadfeste dette.

R-1-1 Måleindikator: Samarbeidspartane er nøgde med kvaliteten på det arbeidet vi gjer.

R-1-1-1 Ambisjonsnivå: Spørjeundersøking med resultat >5 på skala 1-6

### **R2 Kultursektoren har høg utviklings- og omstillings-kompetanse**

Det er ikkje gjort målingar som kan stadfeste dette.

R2-1 Måleindikator: Samarbeidspartane er tilfredse med kultursektoren si kunnskap og utviklarevne

R2-1-1 Ambisjonsnivå: Spørjeundersøking med resultat >5 på skala 1-6.

R2-2 Måleindikator: Kultursektoren vert vurdert som ein viktig aktør for kommunane og kulturlivet sitt utviklingsarbeid.

R2-2-1 Ambisjonsnivå: Spørjeundersøking med resultat >5 på skala 1-6.

## **STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: RAMMEVILKÅR/ ØKONOMI**

### **Ø1 Samsvar mellom mål og rammer**

Innfridd.

Ø1-1 Måleindikator: Avvik i høve budsjett

Ø1-1-1 Ambisjonsnivå: Avvik < 5%

### **Ø2 Tilfredsstillande økonomikompetanse og kontrollsystem**

Innfridd.

Ø2-1 Måleindikator: Avvik mellom tertialrapportar og årsrekneskap

Ø2-1-1 Ambisjonsnivå: Avvik < 5 %.

## **STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: KOMPETANSE/ PERSONALUTVIKLING/ LÆRING**

### **K1 Eit ivaretakande, fagleg sterkt og utviklingsorientert arbeidsmiljø**

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010

K1-1 Måleindikator: Organisatoriske føresetnader

K1-1-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

K1-2 Måleindikator: Læringstrykk

K1-2-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

K1-3 Måleindikator: Jobbmeistring

K1-3-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

### **K2 Medverknad basert på gjensidig tillit**

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010

K2-1 Måleindikator: Påverknad av eigen arbeidssituasjon

K2-1-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

K2-2 Måleindikator: Medverknad i endringsprosessar

K2-2-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

### **K3 Attraktiv arbeidsgivar med godt omdømme**

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010

K3-1 Måleindikator: Rekruttere

K3-1-1 Ambisjonsnivå: minst 2 kvalifiserte søkarar (som kan tilsettast) til kvar ledig stilling

### **K4 Målretta kompetanseutvikling**

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010

K4-1 Måleindikator: læringsarenaer

K4-1-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", > 3 på skala 1 til 4

### **K5 Fokus på fysisk og psykisk arbeidsmiljø**

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010

K5-1 Måleindikator: Sjukefråvær

K5-1-1 Ambisjonsnivå: Maksimum 5%.

K5-2 Måleindikator: Opplevd fokus på fysisk og psykisk arbeidsmiljø

K5-2-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

K5-3 Måleindikator: Inkludering og likestilling

K5-3-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

### **K6 Motiverte medarbeidarar**

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010

K6-1 Måleindikator: Motivasjon for arbeidet

K6-1-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

K6-2 Måleindikator: Stimulerande og motiverande leiing

K6-2-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

## **STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: KVALITET OG EFFEKTIVITET I INTERNE PROSESSAR**

### **I1 Dialog og samhandling**

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010

I1-1 Måleindikator: Oplevd dialog og samhandling

I1-1-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

### **I2 Informasjonsflyt (i organisasjonen)**

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010

I2-1 Måleindikator: Opplevd informasjonsflyt mellom leiing og tilsette

I2-1-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

I2-2 Måleindikator: Opplevd nytte av IKT-verktøy

I2-2-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

### **I3 Leiing**

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010

I3-1 Måleindikator: leiarevaluering

I3-1-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)

#### **I4 Ivaretek det ytre miljøet**

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført undersøking i 2010.

I4-1 Måleindikator: Ivaretaking av det ytre arbeidsmiljøet

I4-1-1 Ambisjonsnivå: "Grøn skåre", >3 (skala 1-4)



# Målekart - plan og næring

Resultat sett i høve til vedteke målekart for 2010.

## STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: TENESTEPRODUKSJON/ BRUKARPERSPEKTIVET

### T1 Kritisk suksessfaktor: Relevant rettleiing og samhandling med kommunar i plan og nærings saker

#### T1-1 Måleindikator: Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen si rettleiing og samhandling

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2010

#### T1-2 Måleindikator: Planseminar og møter i planforum

Det er gjennomført eit planseminar og fem møter i planforum. Tre møter vart avlyst pga manglande innspel frå kommunane.

#### T1-3 Måleindikator: Tiltaksforum

Det vart gjennomført to Tiltaksforum, ambisjonsnivået er minst to årlege Tiltaksforum.

### T2 Kritisk suksessfaktor: Administrere eit folkehelsenettverk

#### T2-1 Måleindikator: Tal kommunar i folkehelsenettverket

Det er for tida 21 kommunar i folkehelsenettverket. 26 kommunar er eit langsiktig mål.

### T3 Kritisk suksessfaktor: Fylkeskommunen sine heimesider, plannett og andre nettløysingar vert oppdatert og nytta aktivt

#### T3-1 Måleindikator: Tal nyhende som vert lagt ut

Det har blitt jobba med å forbetre fagområda sine nettsider og publisering av nyhende på fylkeskommunen si nettside. Vi sender ut nyhendemeldingane som pressemelding, og vi skriv artiklar om kvart møte i hovudutvalet. Det har vore ein auke i publiserte nyhende på framsida, men vi vil jobbe vidare med dette og med anna informasjon på fagområda " sin del" av heimesida.

#### T3-2 Måleindikator: Plannett vert relansert

Relansering utsett i påvente av utskifting av eksisterande publiseringverktøy for fylkeskommunale heimsider.

#### T3-3 Måleindikator: Auka i tal treff på heimesidene (plan og næring)

Ikkje målt.

#### T3-4 Måleindikator: Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen si heimeside (plan og næring), plannett og andre nettløysingar

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2010.

## STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: REGIONAL UTVIKLINGS AKTØR

### R1 Kritisk suksessfaktor: Kjenner utfordringane, naturressursane og potensiale for verdiskaping i fylket

#### R1-1 Måleindikator: Utarbeide årlege næringsbarometer

Næringsbarometer for Hordaland og Sogn og Fjordane hadde to utgåver i 2010.

#### R1-2 Utarbeide eit nytt fylkesdekkande overvakingsprogram

Ikkje gjort. Rapport „Langtidseffektar av omstillingsprogram“ (Trøndelag Forskning og Utvikling AS) viser positive langtidseffektar i alle dei utvalde casa. Omstillingsprogrammet i Bremanger var med som case frå vårt fylke. Funna om gjennomgåande styrka næringsutviklingsevne, og eit meir robust og variert næringsliv, samsvarar godt med det vi opplever som resultat i dei aller fleste omstillingsområda.

### R2 Kritisk suksessfaktor: Utvikle politikk for ulike næringsområde

#### R2-1 Måleindikator: Rullere fylkesplanen gjennom årlege handlingsprogram

Rulling er integrert i arbeidet med budsjett og økonomiplan - og gjennom programstyra si utarbeiding av programplanar.

R2-2 **Måleindikator: Tilskotsløyving er i samsvar med overordna planar**  
Ja, samsvar - og brukar fylkesplanen sin handlingsdel aktivt når ein vurderer om dei ulike tiltaka bør få tilskot.

**R3 Kritisk suksessfaktor: Ta rolla som regional utviklingsaktør gjennom samspel, nettverk og partnerskap**

R3-1 **Måleindikator: Tiltak som er vedtekne gjennom fylkesplanen, og som sektoren har ansvar for, vert gjennomførde**  
Ja, samkøyringa med budsjett- og økonomiarbeidet gjer at dei høgst prioriterte områda vert følgt opp. Andre deler av oppfølginga kan av ressursomsyn ta lenger tid enn planlagt.

R3-2 **Måleindikator: Etablere indikatorar for måling av resultat i program og prosjekt**  
Det gjenstår å etablere gode indikatorar. Det vert sett i gang eit arbeid med å forbetre dette.

R3-3 **Måleindikator: Utarbeide fylkesdelplan for småkraft og vindkraft i samsvar med planprogrammet**  
Under arbeid. Tidspunkt for slutføring er sett til våren 2011.

R3-4 **Måleindikator: Utarbeide reiselivsplan med kvalitetssikra oppfølging**  
Fylkestinget vedtok Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 - 2025 den 8. juni 2010. Hovudutval for plan og næring vedtok tillegg om privat hyttebygging den 7. september 2010.

**STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: RAMMEVILKÅR/ ØKONOMI**

**Ø1 Kritisk suksessfaktor: Samsvar mellom mål og rammer**

Ø1-1 **Måleindikator: Oppfatta samsvar mellom mål og rammer**  
Ja, stort sett - men på nokre område er ambisjonane i måla noko høge i høve til dei rammene som er til disposisjon. Ikkje minst med tanke på personalressursane er ambisjonane høgre enn den faktiske bemanninga.

**Ø2 Kritisk suksessfaktor: God økonomistyring**

Ø2-1 **Måleindikator: Avvik i høve budsjett og årsrapport**  
Nei, ikkje avvik i høve budsjett.

# Målekart - samferdsle

Resultat sett i høve til vedteke målekart for 2010.

## STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: TENESTEPRODUKSJON/ BRUKARPERSPEKTIVET

### T1 Kritisk suksessfaktor: Tilfredsstillande kollektivtilbod

#### T1-1 Måleindikator: Årlege brukarundersøkingar

Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2010.

### T2 Kritisk suksessfaktor: God informasjon til publikum om kollektivtilbodet

#### T2-1 Måleindikator: Oppdatering av ruteinfo.net

Rutedatabasen vart endra med automatisk oppdatering av ruteinfo.net til 1. mai då ny ruteperiode starta. Det vart teke i bruk ny reiseplanleggar juli 2010. Det let seg ikkje gjere å få logg frå første halvdel av 2010.

#### T2-2 Måleindikator: Årlege brukarundersøkingar

Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2010.

#### T2-3 Måleindikator: Bruken av ruteopplysningstelefonen 177

Sidan 1. mai 2008 er det 1881 i Lærdal som har drifta ruteopplysningstelefonen 177. Det var totalt 66 638 anrop i 2010. Månaden med høgast tal anrop var juli med 8 008, medan november hadde lågast tal anrop med 3 625. 80,1 % av totalt tal anrop i perioden har vore innanfor opningstidene (10-20). Det vart svart på 46 431 (87 %) av anropa innanfor opningstidene. I snitt har det vore 185 telefonar per døgn, derav 148 innan opningstidene med 129 svara telefonar kvar dag. Gjennomsnittleg samtaletid har vore 91,3 sekund. I 2009 var snitt samtaletid 98,6 sekund.

### T3 Kritisk suksessfaktor: Tilfredsstillande skuleskyss

#### T3-1 Måleindikator: Årlege spørjeskjema til kommunane

Sektoren samferdsle har ikkje sendt spørjeskjema til kommunane for 2010.

### T4 Kritisk suksessfaktor: Tilbod til ungdom

#### T4-1 Måleindikator: %del ungdom i alderen 16-19 år som nyttar ungdomskort

Dersom det vert sett vekk frå juli og august då bruken er låg, vart det i 2010 i snitt seld 1 140 oblat til ungdomskort per måned. 16,6 % av ungdommen i alderen 16-19 år i Sogn og Fjordane nytta ungdomskortet i 2010, ein nedgang på 1 % frå året før.

#### T4-2 Måleindikator: Tal brukarar av Trygt heim for ein 50-lapp

Statistikken viser at tal brukarar av Trygt heim for ein 50-lapp i 2010 er 7 996. Dette er ein nedgang på 15,6 % i høve til 2009. I 2010 utvida vi tilbodet til også gjelde sommaren. Det var 640 ungdommar i sommarmånadane.

### T5 Kritisk suksessfaktor: Tilbod om tilrettelagt transport (TT)

#### T5-1 Måleindikator: Tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar i alle kommunar

Det var 47 tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar i 2010, som er ein nedgang på 4 frå året før. Den relative delen av tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar var 27 % i 2010. Kommunane Hornindal, Aurland, Jølster og Hyllestad har ikkje tilrettelagde drosjer for rullestolbrukarar. For tilrettelagt transport vart det løyvd totalt 5 mill kr i 2010.

#### T5-2 Måleindikator: Tilskot per brukar av tilrettelagt transport

For tilrettelagt transport vart det til kommunane i Sogn og Fjordane løyvd totalt 5 mill. kr i 2010, ein auke på kr 36 000 frå året før. Løyving til tilrettelagt transport er fordelt på ei hovudløyving og ei ekstraløyving kvart år. Storleiken på hovudløyvinga til den einskilde kommune er avhengig av kommunen sitt folketal, og utgjorde for 2010 kring kr 40 per innbyggjar. Ekstraløyving vert gjort etter søknad. Det var 19 kommunar som søkte om ekstraløyving i 2010 og alle kommunane fekk summen dei søkte om. Tal brukarar i 2010 er om lag 4 024, som er ein liten auke i høve 2009. Tilskot per brukar av tilrettelagt transport i Sogn og Fjordane er kr 1 235 i 2010.

## STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR

### R1 Kritisk suksessfaktor: Samarbeid med ruteselskapa, drosjenæringa, kommunane og andre aktørar

#### R1-1 Måleindikator: Årlege rutemøte

Fylkeskommunen ved sektoren samferdsle arrangerte rutemøte i 2010.

#### R1-2 Måleindikator: Gjennomføre avtalane med ruteselskapa

2010 var første året med ny avtale med rutebilselskapa. Hausten 2009 vart det jobba fram ei ny avtale med rutebilselskapa. Den nye avtalen er gjeldande til 2017, men med delvis utfasing frå tidlegast 2014, etter kvart som anbod vert teke i bruk. Etter gjennomført anbodskonkurranse vart det skrive ny avtale om snøggbåtruter mellom Sogn og Fjordane og Bergen med Tide, og lokalrutene i Gulen, Solund, Askvoll, Lærdal, Vik og Høyanger vart lagt ut på anbod. Ny ruteperiode er frå 1. mai 2012.

#### R1-3 Måleindikator: Årlege møte med drosjenæringa

Fylkeskommunen ved sektoren samferdsle deltok ikkje på Norges Taxiforbund sitt årlege medlemsmøte for Sogn og Fjordane.

### R2 Kritisk suksessfaktor: Samarbeid i Vestlandsrådet (samferdslegruppa)

#### R2-1 Måleindikator: Møte kvar månad

Nestleiar i samferdsleavdelinga deltok på møte og telefonmøte i Vestlandsrådet si samferdslegruppe. Det vart ikkje gjennomført møter kvar månad.

### R3 Kritisk suksessfaktor: Marknadstilpassa tilbod innan samferdsla i fylket

#### R3-1 Måleindikator: Årleg justering av eksisterande tilbod

Rutetilbodet vart vidareført i 2010 med nokre endringar. Det vart gitt eit tilskot på kr 300 000 til Firda Billag for å oppretthalde bussruta Byrkjelo - Sandane - Nordfjordeid - Stryn - Førde med avgang frå Byrkjelo kl 2140 og frå Stryn kl 0720. Nemnde bussrute er del av ruteopplegget til ekspressbussen Bergen - Trondheim, som elles vert driven på kommersiell basis. Firda Billag, Tide Buss, Fjord1 Nordfjord-Ottadalen, Fjord1 Sogn Billag og Fjord1 Buss Møre fornya ruteløyvet på strekninga Bergen-Førde Nordfjordeid/Stryn-Ålesund. Florø Skyssbåt fornya ruteløyvt på strekninga Florø-Kinn-Skorpa.

#### R3-2 Måleindikator: Tal passasjerar

Tal passasjerar på bussruter med fylkeskommunalt tilskot utanom skuleskyss var for 2010 på 1 602 568, som representerte ein auke i høve 2009 då det var 1 565 000 passasjerar. For båtruter var tal passasjerar utanom skuleskyss for 2010 på 499 809. Snøggbåtrutene mellom fylket og Bergen hadde 312 403 passasjerar i 2010, ein auke på 2,69 % frå 2009.

## STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: RAMMEVILKÅR/ ØKONOMI

### Ø1 Kritisk suksessfaktor: Samsvar mellom mål og rammer

#### Ø1-1 Måleindikator: Realistisk budsjett

Samferdsle sitt budsjett 2010 var utarbeidd på detaljnivå basert på fleirårige avtaler for kjøp av busstenester og båtrutetenester, i tillegg til andre avtaler.

### Ø2 Kritisk suksessfaktor: God økonomistyring

#### Ø2-1 Måleindikator: Avvik mellom budsjett og rekneskap

Rekneskapen for 2010 synte eit mindreforbruk på om lag kr 200 000.

### Ø3 Kritisk suksessfaktor: Effektiv produksjon av kollektive tenester - høg utnyttingsgrad av tildelte rammer

#### Ø3-1 Måleindikator: Kostnad per produsert eining

I 2010 var km-kostnaden for fylkeskommunen sitt kjøp av tenester frå rutebilselskapa på kr 22,98. Km-kostnaden vart 1,95 % høgare i 2010 enn i 2009.

#### Ø3-2 Måleindikator: Beleggs% på kollektive transportmiddel

Beleggs%en (passasjerkilometer/plasskilometer) for personruter med buss og båt med fylkeskommunalt tilskot var i 2010 på høvesvis 26,4 % og 26,8 %. I 2009 var tala 23,9 og 23,7 %.

# Målekart - tannhelse

Resultat sett i høve til vedteke målekart for 2010.

## STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: TENESTEPRODUKSJON/ BRUKARPERSPEKTIVET

### T1 Kritisk suksessfaktor: Velfungerande tenesteproduksjon

#### T1-1 Måleindikator: Prioritert klientell under tilsyn inndelt i gruppe a) - d)

| Resultat 2010                      | Ønskt nivå | Akseptabelt nivå |
|------------------------------------|------------|------------------|
| Gruppe A2 (3 -18 år)               | 97,0 %     | 90 %             |
| Gruppe B (Psykisk utvikl. Hemma)   | 95,0 %     | 95 %             |
| Gruppe C1 (Institusjonsklientell)  | 92,0 %     | 85 %             |
| Gruppe C2 (Klientar i heimesj.pl.) | 76,0 %     | 70 %             |
| Gruppe D (19 - 20 år)              | 78,0%      | 60 %             |

#### T1-2 Måleindikator: Klagesaker (tal per år)

| Resultat 2010 | Ønskt nivå | Akseptabelt nivå |
|---------------|------------|------------------|
| 2             | 1-2        | 4                |

#### T1-3 Måleindikator: Tannhelseresultat gjennomsnitt DMFT 18 år

Gjennomsnitt tal tenner som har hol, er tapt eller har fylling på 18-åringar

| Resultat 2010 | Ønskt nivå | Akseptabelt nivå |
|---------------|------------|------------------|
| 4,1           | 4,5        | 5                |

### T2 Kritisk suksessfaktor: God rekruttering og stabilitet

#### T2-1 Måleindikator: Tal vakante tannlegestillingar

| Resultat 2010 | Ønskt nivå | Akseptabelt nivå |
|---------------|------------|------------------|
| 5             | 0          | 2                |

#### T2-2 Måleindikator: Mobilitet tannlegar

| Resultat 2010 | Ønskt nivå                  | Akseptabelt nivå            |
|---------------|-----------------------------|-----------------------------|
| Ikkje målt    | Nytilsette jobbar min. 5 år | Nytilsette jobbar min. 4 år |

### T3 Kritisk suksessfaktor: God informasjon til brukarane om organisasjonen sine tilbod

#### T3-1 Måleindikator: Brukarane har god kjennskap til tannhelsetenesta sine tilbod

I brukarundersøkinga i 2009 var brukarane godt nøgde med tilbodet frå den offentlege tannhelsetenesta., men kjennskap til tilbodet vart ikkje målt. Ikkje målt på ny etter 2009.

### T4 Kritisk suksessfaktor: Gode rutinar/arenaar for brukarmedverknad

#### T4-1 Måleindikator: Brukarane sin opplevde påverknad på innhald og kvalitet i tenestene

I brukarundersøkinga 2009 var brukarane godt nøgde med tannhelsetenesta, men opplevd påverknad var ikkje målt. Ikkje målt på ny etter 2009.

**STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR****R1 Kritisk suksessfaktor: Kjenner utfordringane i fylket****R1-1 Måleindikator: Analysere om plandokumenta våre identifiserer konkrete utfordringar i Sogn og Fjordane på tannhelseområdet**

| Resultat 2010                           | Ønskt nivå                           | Akseptabelt nivå |
|---|--------------------------------------|------------------|
| Ny plan vedteken av Fylkesting sak 6/10 | Evaluering/rullering av plandokument | Ikkje definert   |

**R2 Kritisk suksessfaktor: Utvikle godt samarbeid med kommunane og andre organisasjonar****R2-1 Måleindikator: Inngå konkrete samarbeidsavtalar med kommunehelsetenesta**

| Resultat 2010                         | Ønskt nivå | Akseptabelt nivå |
|---------------------------------------|------------|------------------|
| Inngått avtalar med 22 av 26 kommunar | 100 %      | 90 %             |

**R3 Kritisk suksessfaktor: Velfungerande tilbodsstruktur****R3-1 Måleindikator: Reisetid frå tettstad til næraste tannklinikk**

I brukarundersøkinga 2009 var brukarane godt nøgde med plassering av tannklinikk og tilgjenge til klinikken. Reisetid vart ikkje målt. Ikkje gjort ny måling etter 2009

| Resultat 2010 | Ønskt nivå | Akseptabelt nivå |
|---------------|------------|------------------|
| Ikkje målt    | < 60 min.  | 60 min.          |

**STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: RAMMEVILKÅR/ ØKONOMI****Ø1 Kritisk suksessfaktor: Samsvar mellom mål og rammer i tannhelsetenesta****Ø1-1 Måleindikator: Overtannlegane sine vurderingar av grad av samsvar mellom mål og rammer**

| Resultat 2010     | Ønskt nivå     | Akseptabelt nivå |
|-------------------|----------------|------------------|
| Aksepterte rammer | Maks 5 % avvik | 5 % avvik        |

**Ø1-2 Måleindikator: Avvik i høve ramme i driftsavtalen med fylkesrådmannen**

| Resultat 2010                                     | Ønskt nivå        | Akseptabelt nivå |
|---|-------------------|------------------|
| I balanse ved bruk av disposisjonsfond kr 240 000 | Min. 1 % overskot | Budsjettbalanse  |

**Ø2 Kritisk suksessfaktor: Tilfredsstillande økonomikompetanse i tannhelsetenesta****Ø2-1 Måleindikator: Avvik mellom driftsbudsjett, tertialrapportar (prognosar) og årsrekneskap for tenesteområdet**

| Resultat 2010                                     | Ønskt nivå        | Akseptabelt nivå |
|---|-------------------|------------------|
| I balanse ved bruk av disposisjonsfond kr 240 000 | Min. 1 % overskot | Budsjettbalanse  |

**Ø3 Kritisk suksessfaktor: Effektiv ressursbruk og tenesteproduksjon i tannhelsetenesta****Ø3-1 Måleindikator: Netto driftsutgifter per person i dei prioriterte gruppene under tilsyn**

Tal for 2010 i KOSTRA er ikkje tilgjengelege

| Resultat 2010 | Ønskt nivå  | Akseptabelt nivå |
|---------------|---|------------------|
| ?             | Maks. 20 % over gjennomsnitt for alle fylkeskommunar i KOSTRA | Ikkje definert   |

**Ø3-2 Måleindikator: Pasientinntekter**

| Resultat 2010 | Ønskt nivå                           | Akseptabelt nivå   |
|---------------|--------------------------------------|--------------------|
| 18,8 mill kr  | 24 mill kr<br>Føreset full bemanning | 95 % av ønskt nivå |





SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 61 00  
Telefaks: 57 65 30 20  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Framsida: Kannesteinen.  
Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune.